



# BACHELOROPPGÅVE

Offshore havvind: Eit nytt oljeeventyr for Noreg?

Offshore wind: A new oil adventure for Norway?

**Kristine Heimdal & Sofie Øvretveit**

Fornybar energi

Institutt for miljø- og naturvitenskap

Bente Johnsen Rygg

**28.05.18**

Eg stadfestar at arbeidet er sjølvstendig utarbeida, og at referansar/kjeldetilvisingar til alle kjelder som er brukt i arbeidet er oppgitt, *jf. Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet, § 10*

## Forord:

Denne oppgåva er skriven av to studentar frå Høgskulen på Vestlandet i høve avslutning av bachelorutdanninga.

Då vi skulle velje ei problemstilling til temaet vårt, kom vi fram til at vi ynskja å sjå korleis erfaringar i oljenæringa kunne brukast til fornybar utbygging til havs. Dette gjorde at vi kom fram til at vi ville sjå på korleis oljeteknologien kan bidra til å utvikle offshore havvind. Vi valde dette fordi vi stadig vakk kom over påstanden om at Noreg kan bruke erfaringa frå olja utan at det utgreiaast noko særleg. Dette gjorde oss nysgjerrige på å gå meir i djupna på denne påstanden.

Vi vil gjerne takke vår rettleiar Bente Johnsen Rygg , som har vore til stor hjelp for vårt prosjekt. Dine råd og hjelp kunne vi ikkje vore forutan.

Vi vil og gjerne takke respondentane frå Statoil som tok seg tid til å la seg intervju. Utan dei ville vi ikkje hatt denne oppgåva. I tillegg vil vi og takke politikaren frå energi- og miljøkomiteen som tok seg tid til eit telefonintervju. Igjen, vi ville ikkje kome i mål med denne oppgåva utan.

Til slutt må vi også takke alle familie og vener som har både støtta oss og tatt seg tid til å lese igjennom oppgåva for kvalitetssikring.

Sogndal, mai 2018



Sofie Øvretveit



Kristine Heimdal

## Samandrag

Noreg er eit land som i stor grad er bygd på olje og gass. I snart 50 år har dette ført til kompetanse innanfor offshorenæringa. I dei siste åra har olja opplevd utfordringar i form av arbeidsløyse og økonomi, men også med tanke på klima. Vi kan ikkje lenger leve slik vi gjer i dag. Ved fleire anledningar har oljebransjen uttalt seg om at oljen har kunnskap til å kunne gå inn i offshore havvind å byrje utvikling i den næringa. Denne påstanden ligg til grunn for vår problemstilling og under-problemstillingar:

*Korleis kan norsk oljebransje bidra til å utvikle offshore havvind? Ei kvalitativ studie om haldningar til offshore havvind i Statoil 2018.*

- I. *Kva har olje -og gassnæringa betydd for utviklinga av Hywind-prosjektet?*
- II. *På kva måte har den politiske viljen til satsing hatt ei betydning for utviklinga av offshore vind?*
- III. *Kva er dei viktigaste barrierane mot offshore vindkraft i Noreg i 2018?*

For å svare på dette har vi gjennomført tre forskjellige intervju av fire forskjellige menneske som har rollar i ulike aktørgrupper innan olje og gass - som havvind og politikk. Desse intervjuva vart gjennomført i løpet av to dagar; to vart gjennomført i Bergen, medan det siste vart gjennomført over telefon. Vi har òg gjort ei dokumentanalyse for å finne informasjon til kunnskapsgrunnlaget og til bruk i drøftinga av oppgåva.

Resultata frå intervjuva viste at den norske oljebransjen har ein tilsynelatande høg kompetanse som kan brukast innanfor offshore havvind. På grunn av fleire tiårs erfaring innan teknologi, operasjonar og vedlikehald har Statoil opparbeida seg eit grunnlag som dei sjølve ser på som særskilt viktig. Men utviklinga av offshore havvind er ikkje like enkelt, og det er fleire barrierar ein møter på. Politisk sett handlar dette om at offshore havvind rett og slett ikkje er noko dei fokuserer på; *vi har jo vasskraft*. Frå intervjuva ser det også ut til at det ikkje er noko dialog mellom Stortinget og industri om utvikling. Dette blir opplevd som ein stor barriere. Også interne faktorar opplevast og som ein barriere. Dette er todelt. Ein kommunikasjonssvikt mellom dei som sitt høgt oppe i Statoil og dei som jobbar gjer at ein ikkje får forklart når noko ikkje vil fungere; dette har med at oljebransjen og offshore

havvindbransjar tross alt er to forskjellige bransjar sjølv om dei er like. Det er også ein økonomisk barriere på grunn av mangel på subsidier og lite lønnsemd i bransjen generelt.

Med ein offshore havvindpark allereie i bruk utanfor Skottland, er det klart at Statoil har hatt kompetanse. Gjennom dei nær 50 åra Statoil har vore i offshore industrien har dei bygd opp eit repertoar med ulike metodar for korleis operasjonar og vedlikehald skal utførast. Til tross for dette er det mykje som held utviklinga tilbake. Offshore vind er framleis ein umoden teknologi og dette gjer at drift og utvikling framleis er kostbart. Ein av barrierane er mangelen på subsidiar og lite fokus frå Stortinget, er det tydeleg at det er vanskelig å finne økonomien til å utvikle vidare. Frå Statoil si side har dei løyst dette ved å ha ei stor satsing på å utvikle fornybar energi, og då spesielt offshore havvind. Med dette kom også namneendringa til Equinor som er særskilt viktig for deira fasadeendring frå eit olje- og gasselskap til eit energiselskap. Kort sagt kan ein seie at Statoil har mykje kompetanse som kan brukast til å bidra til å utvikle offshore havvind, men at det og er fleire problem som må løysast.

# Summary

Norway is a country built on oil and gas. In the almost 50 years since the first oil findings, Norway has established a great competence within the offshore industry. However, lately oil and gas has met obstacles both economically and in relation to climate change; we cannot live as we do today! Because of this, there has been changes in the oil company Statoil. Various times the oil industry has stated that they have the knowledge to go into offshore wind to start developing. This assertion lays the foundation for our research question:

*How can the Norwegian oil industry contribute to develop offshore wind? A qualitative study of attitudes to offshore wind in Statoil 2018.*

- I. *What has the oil and gas industry meant for the Hywind project?*
- II. *In what way has the political will to commit had an importance for the development of offshore wind?*
- III. *What are the main barriers against offshore wind in Norway 2018?*

To answer these research questions we conducted three interview with four persons with different roles within oil and gas, offshore wind and politics. The interviews were completed over two days; two in Bergen, while the latter was a telephone interview. We also did a document analysis to find information to our theory and to use in the discussion chapter of our thesis.

The results of the interviews has shown that the oil industry has a great deal of competence that can be used in offshore wind. Because of decades of experience with technology, operations and maintenance, Statoil has obtained a background, which they believe to be crucial. That being said, developing offshore wind is not easy, and the industry has met several barriers. In Norway there has been next to no focus on offshore wind, because of hydropower.

The interviews also revealed that there are little dialogue between the government and industry about development of offshore wind. This is perceived as a great problem. In addition, internal factors are revealed as a barrier. This is separated in two parts. Firstly, a communication problem between people sitting higher up in Statoil and workers from the wind industry; as much as the two industries are alike, they are after all different as well.

Secondly, is the economy in the offshore industry. Today, the industry is lean and is having problems because of the lack of subsidies.

With the Hywind Scotland pilot park outside Scotland, it is clear that Statoil has competence in the offshore industry. Statoil has been in the offshore industry in almost 50 years and has therefore built a repertory of various way to perform operations and maintenance.

Despite of this, there are factors that held the development back. Offshore wind is, after all, a immature technology. This makes development and operations expensive. With barriers such as no subsidies and focus from the government, it is certain that it is hard to find the economy to develop further. Statoil has solved this by investing to develop renewable energy and offshore wind. This resulted in the name change to Equinor in May 2018, which had been important for their facade change from an oil and gas company to an energy company. To summarize, one can say that Statoil has considerably competence to contribute to develop offshore wind, but that there is also several problems that has to be solved.

# Innhaldsliste

Forord: .....	2
Samandrag.....	3
Summary.....	5
Innhaldsliste .....	7
Figurliste .....	9
Oppbygging av oppgåva.....	10
Definisjonar.....	11
1. Introduksjon .....	12
1.1 Bakgrunn.....	12
1.2 Problemstilling og avgrensing .....	14
2. Kunnskapsstatus .....	16
2.1 Utvikling av offshore havvind .....	16
2.2 Utfordringar ved havvind.....	18
2.3 Status for norsk havvind .....	20
2.4 Statoil sitt Hywind-prosjekt .....	22
2.5 Den politiske satsinga på offshore havvind i Noreg.....	24
3. Metode .....	28
3.1. Val av metode .....	28
3.1.1 Val av respondentar .....	29
3.1.2 Presentasjon av respondenter .....	29
3.1.3 Utarbeiding av intervjuguide.....	30
3.2 Gjennomføring av intervju .....	31
3.3 Dokumentanalyse .....	31
3.4 Bearbeiding av data .....	32
3.5 Feilkjelder i data.....	33
4.0 Resultat.....	36
4.1 Ein konservativ bransje som veit best.....	36
4.2 Andre saker å fokusere på.....	41
4.3 Eit problem med kommunikasjon .....	43
4.4 Kutt, kutt, kutt...!	45
5.0 Drøfting .....	48
5.1 Betydinga til den norske olje- og gassnæringa i Hywind.....	48

5.2 Den politiske viljen til satsing .....	50
5.3 Den økonomiske barrieren .....	53
6.0 Konklusjon.....	56
7.0 Forbetringspotensial og vidare forsking .....	59
Referanser .....	60
Vedleggsliste .....	63

## Figurliste

**Figur 1** Forskjell på vindturbinar på land og hav, botn og flytande.

**Figur 2** Investering i vindkraft

**Figur 3** Prosentvis marknadsandel frå norske selskap

**Figur 4** Plassering av ulike økonomiske verkemiddel

## Oppbygging av oppgåva

I *kapittel ein* tar vi for oss introduksjonen med bakgrunn og problemstilling. Her finn du bakgrunne om offshore havvind samt grunnlaget for den vidare oppgåva.

I *kapittel to* vil vi presentere kunnskapstatusen som er knytt til problemstillinga. I dette kapittelet gjev vi ei innføring i offshore havvind, Statoil sitt Hywind prosjekt og offshore havvinds historie. Erfaring frå olje og gass presenterast. Dette kapittelet gjev og ei innføring i politikken og dei politiske måla omkring offshore havvind. Er du som lesar oppdatert på desse områda, anbefalast det å hoppa til kapittel 3.

I *Kapittel 3* presenterar vi metode for bruk og innhenting av data. Her følgjer ei forklaring på kvalitativ metode og korleis datainnsamlinga er gjennomført. Vurdering av metodens validitet og reliabilitet vil og førekoma i dette kapittelet samt oppsummering av moglege feilkjelder.

I *kapittel 4* vil vi legge fram funn og resultat. Vi samanliknar våre intervju med kvarandre og viser fram vår oppfatning av deira haldningar. Viktige funn vil verte kommentert. Intervjuobjekta beskriv vi saman med relevante sitat henta frå intervjeta.

I *kapittel 5* Tar vi for oss drøftinga frå resultata og andre funn vi har frå kapittel 4. Her vil vi legge fram ein tredelt konklusjon på problemstillinga.

I *kapittel 6* legg vi fram konklusjon for problemstillinga og underproblemstillingane

I *Kapittel 7* Her skriv vi om forbettingspotensialet under oppgåveskrivinga. Det dukka opp fleire interessante moment medan vi skreiv om, og vi nemner desse i dette kapittelet. I tillegg kjem nokon forslag til vidare forsking.

# Definisjonar

**Botnfast** - Er festet på grunt vatn ned til 50-60 meter.

**Flytende havvind** - Betyr at i staden for å feste vindturbinen til havbotn set ein det oppå ein flytande konstruksjon. Dette gir fordeler med at ein kan sette det ut i djupare vatn.

**Industrial branching** - går ut på å bruke grunnlag og forgreine seg inn i ei ny næring. Fleire norske olje- og gassbedrifter gjorde dette etter finanskrisen då olje- og gassprisane sank (MacKinnon et al. 2018, s. 22).

**HMT**- HMT arbeid betyr det arbeidet som gjerast på enkelte arbeidsplassar for å unngå ulykker og for å ivareta folks helse, miljø og tryggleik på best mogleg måte.

**Klimagassutslepp** - Er gassar i atmosfæren som absorberer varmestråling frå jorda. Sørger for at gjennomsnittstemperaturen. Aukar klimagassutsleppet så aukar og temperaturen på jorda

**Miljøvenleg** -Er nemninga på tiltak som tar særskilt omsyn til naturen ved å ikkje skade eller forureine.

**Offshore havvind** - Også kalla flytande vind er vindkraft til havs. Offshore får meir stabile, sterke vindressursar, store tilgjengelige områder og lav interessekonflikt

**Path creation** - Går ut på å byggje på eksisterande næring. Kompetanse frå tidlegare og eksisterande industri samt teknologi kan brukast til å danne nye stiar (MacKinnon et al., 2018).

**Skuggeeffekt** -Er ein såkalla blokkingseffekt som er endringa i vindstraum på grunn av nærvære av tårnet på vindturbin på land. Dette gjør at solinnstrålinga på bakken bak og under vindturbinane opplev å få mindre direkte solinnstråling pga. rotasjonen av bladene på turbinen. Dette skapar dårlegare vekst i underlaget rundt vindturbinar på land.

**Stiavhengigkeit<sup>1</sup>** - Manglande evne til å utvikle ein ny bane, til tross for at andre teknologiar er tilgjengelige (Martin & Sunley, 2006).

---

<sup>1</sup> *Path dependency*

# 1. Introduksjon

## 1.1 Bakgrunn

Noreg er kjent for sine høge fjell og djupe fjordar og med ein minneverdig kyst som gjer oss eksponert for sterke vindar langs heile kysten. Desse sterke vindane gjev moglegheiter for potensiell energi, og er ein utømmelig fornybar ressurs. Med den stadig veksande trugselen om aukande klimagassutleppa, stigande temperaturar, samt stor vekst i etterspurnader om energi som saman med ein stigande befolkningsvekst, ser ein seg nøyd til å finne nye energikjelder for at verda skal kunne nå sine klimamål.

I dag er Noreg forsynt med elektrisitet frå vasskraft med heile 96% av den norske produksjonskapasiteten (Energifaktanorge, 2017). Den norske vasskrafthistoria kan daterast tilbake 150 år og vasskraft er i dag fortsatt vår hovudenergikjelde. Regjeringa set stadig nye målsetjingar til kva energikjelder ein skal bruke og korleis desse kjeldene skal utnyttast. Frå olje- og energidepartementet si Stortingsmelding nr. 25 finn ein fire satsingsområda for utbygging av energi fram mot 2030. Desse er:

1. Styrka forsyningssikkerheita.
2. Lønsam fornybarproduksjon.
3. Meir effektivt og klimavenleg bruk av energi.
4. Næringsutvikling og verdiskaping gjennom effektiv utnytting av lønsame fornybare ressursar (Olje- og Energidepartementet, 2016 [2], s.179).

Det er klart at politikarane har stor påverknad på kva som skjer framover med tanke på energiutvinning og utslepp. Gjennom fleire økonomiske hjelpemiddel og program som Energi21, legg Noreg strategiar for å utvikle og bruke ny energiteknologi. Dette i samarbeid med og krav frå EU til utbygging av fornybar energi og minsking av utslepp. Samt gjennom avtaler som Paris-avtala, har Noreg òg knytt seg til å avgrense CO<sub>2</sub>-utslepp i verda.

I tillegg til utømmelege fornybare kjelder, har Noreg også hatt enorme mengder reservoar olje og gass på norsk sokkel. Denne næringa har vore ei av dei viktigaste for å byggje velstanden i Noreg og vi er økonomisk avhengige av den for å oppretthalde levestandaren.

Sidan 1970-tallet har det vore ei historisk satsing innan olje og gass, noko som har gjeve oljebransjen god kompetanse innan offshore teknologi. Med olje- og gass funna veks det delvis statseigde selskapet Statoil fram, som sidan har utvida produksjon i fleire land i verda. Medan Statoil byrja som eit fullstendig statseigd selskap, vart det frå januar 1985 delt opp slik at det er ein statseigd og ein selskapseigd del. Dette gjorde at også fordeling av kostnadene endra seg. Seinare har også staten sold fleire aksjar (Olje- og energidepartementet [3], 2016). Den siste utviklinga til Statoil, som tydar på ei endring i selskapet, er namneendringa til Equinor som vart annonsert i mars 2018 og bekrefta i mai.

Noreg har i mange år bygd opp avansert teknologi gjennom å produsere og utvinne olje og gass, og har lang erfaring med maritime operasjonar samt kunnskap og økonomi til å byggje nye ressursar. I 2008 sa dåverande Olje- og energiminister Åslaug Haga: "Norge skal bli en ledande nasjon på fornybar energi ved hjelp av offshore vindkraftparker" (Nilsen, 2008). Kva må til for at vi går den vegen ho såg for seg Noreg skulle gå? I følgje Statoil har Noreg eit klart fortrinn når det kjem til offshore havvind, og dei har på eige hand tatt steg for å utvikle offshore havvind. Trass dette, er det lite som skjer i Noreg.

I dei siste åra har Statoil og byrja ei satsing på fornybar energi. Statoil er deleiger i fleire prosjekt, og på nettsida til Statoil står det klare mål om bærekraftig, fornybar energiproduksjon. Ei av dei fornybare energikjeldene Statoil har vist interesse for er offshore havvind. I Noreg har vi i dag eineståande moglegheiter innan offshore teknologi som ein har skaffa frå oljenæringa gjennom nesten 50 år. Dette gjev Noreg gode føresetnader for utvikling av offshore havvind. Offshore havvind skiljer seg frå landbasert vind først og fremst ved plassering av turbinane. På grunn av dette får ein ikkje dei same utfordringane med havvind som ein gjer med landbasert vind. Med landbasert vind møter ein ofte problem som lydkjerming, truga dyrearter og skuggeeffekt. Desse punkta skapar store debatter og har vert ein del av hovudargumenta som hemjar vekst i landbasert vind. (Kaldellis & Kapsali, 2013 s.136) Ved offshore havvind så møter ein ikkje på desse problema, men fleire andre utfordringar før ein har ein moden, påliteleg teknologi som kan brukast.

Noreg og Statoil har gjennom nær 50 år vore gjennom mange utfordringar ved offshore operasjonar. Dette har ført til ein oljeindustri med ei oppskrift som har fungert godt for olje og gass. Denne kompetansen nemnar Statoil fleire gonger skal kunne brukast i utviklinga av offshore havvind og det var med denne tanken at prosjektet Hywind vart fødd. Hywind er ein

offshore vindpark som vart utvikla av Statoil og Norsk Hydro. Prosjektet starta på Karmøy og var det fyrste flytande vindkonseptet på norsk jord. Prosjektet skulle vere med på å gje Statoil erfaringar med kraftproduksjon frå flytande vindturbinar i fullskala, samt vere ein del av Statoil si fornybare satsing. Etter 8 år med testing av prototype i fullskala offshorevind prosjektet og med gode resultat, gjekk ein vidare mot neste fase som var å starte ein fullskala vindturbinpark utanfor kysten av Skottland. I oktober 2017 stod det ferdig og har til no vore i produksjon i litt over eit halvt år og transformert straum til Skottlands nett. Det vi no ynskjer å sjå nærmare på er korleis den norske oljebransjen kan bidra til utvikling av flytande offshore havvind.

## 1.2 Problemstilling og avgrensing

Vi er ein del av oljegenerasjonen. Vi har vakse opp med historia om oljefunn og levd på godane olja har brakt med seg, men vi er også generasjonen som står overfor konsekvensane frå vår levemåte. I denne oppgåva har vi difor vald å sjå på korleis den norske oljebransjen kan bidra til å utvikle offshore havvind. Temaet for oppgåva vil vere offshore havvind med dei flytande konstruksjonane frå Hywind som utgangspunkt, og oljenæringa som eit slags bakteppe for utviklinga. I oppgåva vil vi ta for oss problemstillinga:

*Korleis kan norsk oljebransje bidra til å utvikle offshore havvind? Ein kvalitativt studie om haldninga til offshore havvind i Statoil 2018.*

I oppgåva vil vi også ta for oss tre under-problemstillingar som bygg under hovudproblemstillinga:

- *Kva har olje -og gassnæringa betydd for utviklinga av hywind prosjektet?*
- *På kva måte har den politiske viljen til satsing hatt ei betydning for utviklinga av offshore vind?*
- *Kva er dei viktigaste barrierane mot offshore vindkraft i Noreg i 2018?*

Vi har vald å ta utgangspunkt i prosjektet Hywind, som er den fyrste flytande offshore vindparken i verda, fordi prosjektet i seg sjølv er interessant, men òg fordi det baner nye teknologiske veger. Det skal nemnast at når vi skriv om offshore havvind i denne oppgåva, refererer vi til flytande offshore havvind. Til tross for dette, har mykje av kjeldene vi har

brukt anten berre fokus på botnfast eller utan differensiering av botnfast og flytande vind. Vi brukte informasjonen vi fant om botnfast og skrev om det ettersom prinsippet, bortsett frå festet i havbotn, er likt men med forskjellige teknikkar.

Oppgåva vil ta for seg forskjellige aspekt ved dei politiske, økonomiske og teknologiske barrierane for å utvikle oljeteknologien. Gjennom intervju av fire forskjellige personar har vi kome fram til ulike svar på kva slags haldningar det er til havvind i Statoil og i den norske stat. I tillegg vil vi gjere ei dokumentanalyse for å få eit innblikk i relevant litteratur på området. Målet med oppgåva er å sjå korleis den norske oljebransjen kan bidra til å utvikle offshore havvind. Dette har vi vald fordi vi ynskjer å sjå kva Statoil sjølv meiner om havvind. Vi har og, grunna ei sakte utvikling og lite satsing frå den norske stat, vald å ta kontakt med nokon innan det politiske systemet i Noreg. Dette for å belyse fleire område innan offshore havvind.

Etter dette vil vi ta for oss kunnskapsstatus der vi skal vise til kva andre kjelder vi har tatt i bruk. Dette vil gje ei oversikt over kva tema som er gjennomgåande i deira tekster, samt gje oss innspel til våre eigne. Kunnskapsstatusen legg grunnlaget for den vidare oppgåva.

## 2. Kunnskapsstatus

Offshore havvind er ein fornybar energiteknologi i utvikling. I land som Danmark, Tyskland og Storbritannia er havvind allereie ein veksande industri med fleire botnfaste vindparkar (Olje- og energidepartementet, 2017, s.156). Flytande havvind, derimot, er endå eit nytt konsept og som dei fleste umodne industriar, er teknologien dyr. I dag finn ein fleire botnfaste vindparkar rundt i Europa, men berre ein nystarta flytande vindpark. For at denne næringa skal kunne vokse vidare, er det naudsynt med meir utvikling og forsking.

Det er fleire aspekt ved næringa som må betrast før offshore havvind kan lukkast. Teknologien treng rette økonomiske, politiske og teknologiske forhold for at næringa kan utvikle seg. Eit politisk miljø som fremjar nye teknologiar og økonomisk framvekst i form av tilskot til forsking er viktige for at sektoren skal bli lønsam. I dag er den flytande vindparken Hywind utanfor Skottland det fyrste prosjektet i sitt slag.

### 2.1 Utvikling av offshore havvind

Det fyrste dokumenterte teoretiske konseptet for installering av vindturbinarar til havs ble gjort i Tyskland på tidleg 1930-tallet av Herman Honnef (Kaldellis & Kapsali, 2013, s. 137). Seinare kom også ideen om ein flytande vindturbin plattform som Professor William E. Heronemus kom med på ca 1972-tallet. Ingen av desse vart ein realitet. Ein må 20 år fram i tid og til Sverige for å sjå det fyrste testanlegget med ein vindturbin med effekt på 220 kW, 250 m frå kysten og med ein tripod struktur på 7 meters djup, botnfast. Ikkje før i år 2000 kom det fyrste fullskala offshore vindpark anlegget i Danmark "Middelgrunden" på 40 MW. Gjennom testingar møtte ein på mange upårekna utfordringar som resulterte i at prosjekta kosta meir enn antatt. Dei møtte utfordringar som høge bølgjer og for sterke vindar som var med på å setje ein stoppar i offshore vindmarknaden over ein kort tidsperiode. Ved å lære av sine feil og utfordringar fekk ein eit betre utgangspunkt (Kaldellis & Kapsali, 2013).

Ser ein på utviklinga kan ein sjå ein stødig og positiv tilvekst for vind frå 1991 til 2007. Det meste av veksten har skjedd i land som Danmark, Storbritannia og Nederland og Sverige, og har vore ein del av å nå EU sitt mål om å redusere utslepp (EWEA, 2007). I 2009 vart også det fyrste flytande demo-prosjektet Hywind installert utanfor Karmøy på 220 meters djup; i

dag kan ein byggje vindparkane opp til 30 km utanfor kysten, så det har vore ei kraftig utvikling på det feltet. Hywind-prosjektet utanfor Karmøy var den fyrste av sitt slag og skulle vere med på å forme den framtidige vindturbinkonseptet.

Det er førebels ingen standard struktur tileigna alle typar havbotn og djup. Mesteparten av vindparkar i dag er lokalisert ved grunt vatn og har botnfaste strukturar som passar for grunt og mellom-djupt vatn. Teknologien har utvikla seg og ein har kome fram til det flytande konseptet. Dette er for å kunne bidra til å løysa nokre av dei utfordringane i landbasert og botnfaste vindturbinar som dei kan møte på. Eksempel er det visuelle samt det å kunne ta i bruk dei stødige vindane som oppstår i djupare forhold. Det flytande vindkonseptet er framleis nokså umodent, og det fylgjer her med ei rekke risikofaktorar som har ein tendens til å auke kostnadane. Fordelane med flytande havvind er at det kan plasserast i djupare hav og lenger ut frå land der det er mykje sterkare vindar. (Kaldellis & Kapsali, 2013)

2011 var året da talet på offshore vindturbinar gjekk frå 235 stk. med ei samla kapasitet på 870 MW, til slutten av 2011 med heile der talet gjekk opp til 1247 offshore vindturbinar med kapasitet på 3.294 MW. Tyskland var nasjonen som stod for 50% av den totale installasjonen. I følgje EWEA, *The european wind energy association*, er offshore havvind spådd til 75 GW i 2020. Det meste vil da vere fastsett i USA og Kina (Kaldellis & Kapsali, 2013 s.137).



**Figur 1:** Forskjell på vindturbinar på land og hav, botn og flytande (Equinor, 2018).

På figuren over ser ein eit bilet av dei forskjellige fundamentane. Innan offshore vindkraft er det anten botnfaste eller flytande fundament som har vorte brukt. Botnfaste går frå 30 meters djup og er ein teknisk moden teknologi og er difor gunstig i pris. Flytande offshore vindkraft har eit enormt potensial over heile verda og kan plasserast utanfor befolkningssentra. Den er heller ikkje avhengig av grunne bankar som botnfast. Det er eit svært fleksibelt konsept som gjer sterkare og meir pålitelege vindar tilgjengeleg. Diverre er denne teknologien svært dyr, ettersom det involverer fleire maritime operasjonar og krevje lange kablar for å bringe krafta til forbrukarane. Fordelen er sterkare vindar, meir produksjon og at ein får løyst utfordringane med det visuelle for befolkninga (Hamarsland, G., Hjort, L.E., Ibenholt, K., Pimenta de Miranda, W., Sandgren, J., 2007).

Det første fullskala flytande vindkonseptet “Hywind Demo” starta produksjon i Nordsjøen i 2009 på 220 meters djup og har sidan oppstart produsert 40 GWh (Statoil [3], 2018). Dette var eit svært dyrt prosjekt som omlag kosta 400 million kroner, og var den første innanfor sitt slag. I 2011 vart to andre demo-prosjekt installert. Den eine, WindFloat prototype, vart installert utanfor kysten i Portugal på 45 meters djup. Den andre SeaTwirl, som også starta med ein ny type vertikal akse, vart installert utanfor svenskekysten.(Kaldellis & Kapsali, 2013) Hywind demo er i dag fortsatt i drift og gjev Statoil uvurderleg data og erfaring frå drift og vedlikehald innan offshore vind.


## 2.2 Utfordringar ved havvind

Ein vindturbin til lands har ein del restriksjonar. Dette kjem i form av forstyrring av det visuelle, lydnivå og skuggeeffektar og kan vere faktorar som er med på å hindra utbygging av vindturbinen på land. Med offshore havvind vil mange av desse estetiske problema forsvinne og ein ser ei meir positiv tilnærming frå det offentlege når ein snakkar om vindturbinar offshore mot landfaste. Men ein møter også utfordringar når ein skal byggje offshore havvind. (Kaldellis & Kapsali, 2013) Det er alt frå kostnaden, til den maritime logistikken og dei politiske restriksjonane. Sistnemnte kjem vi tilbake til seinare.

Ein av dei fyrste utfordringane dei møtte offshore var det hardevêret og den lange distansen frå land. Det er dyrt å frakte folka som skulle utføre servicearbeid så langt frå kysten og samtidig oppretthalde HMT. Når dei plasserte ut nye vindturbinar etter hendingane vart det mykje større fokus på plassering i høve til det lokale klima samt tilgjengelegheta for service (Kaldellis & Kapsali, 2013).

Når ein skal byggje ut ein vindpark vil dei økonomiske faktorane spele ei sentral rolle. Ein kan dela det inn i kategoriar. Ein del av det er prisen på sjølve turbinen; dette inkluderer rotorbladet, tårn og overvaking. Så kjem prisen for den elektriske infrastrukturen som må til for å kople seg på nettet og transformerer straumen. Her inkluderer undervasskablar som er ein vanskeleg teknologi som ein har brukt fleire år på å utvikla. Prisen på støttestrukturen er også ein vesentlig stor investering (Kalldellis & Kapsali, 2013). Oljebransjen har over lengre tid utvikla og forbetra kunnskapsgrunnlaget og teknologien som brukast i offshore drift. Fundamenta står overfor store naturkrefter langt frå land, og dei har prøvd og feila, samt forska for å få det best mogleg.

Prisen for logistikken og installasjonen er høg. Dette må gjerast av fagfolk som har lang erfaring, ofte kjem denne erfaringa frå oljen og kan tas i bruk når det kjem til offshore havvind også. Så dette er ein av dei viktigaste økonomiske faktorane er utvikling og ingeniør kostnadene. I dei faktorane går også det å søkje løyve, miljøpåverkande studiar, og lisensar. Her kan summen for sluttprodukt auke mykje meir enn antatt ettersom søking kan verte ein tidkrevande prosess. (Kaldellis & Kapsali, 2013).



**Figur 2:** Investering i vindkraft (NRK, 2018)

Heldigvis er det ikkje berre därlege nyhende. På figur 2 over ser ein kor mykje som investerast i offshore vindkraft; grafen er målt opp i dollar, og ikkje kroner. Dette er basert utviklinga i verda, og er laget av den Norsk klimastiftelse. Ein ser frå 2004 ein aukande vekst i investeringskostnadene, sjølv om rundt 2012-2014 ser ein nedgang, men som etter dette veks stadig og har auka med 400% i verda noko som er ein svært imponerande auking (NRK, 2018).

## 2.3 Status for norsk havvind

Forutan Demo-turbinen på Karmøy har den norske utviklinga av offshore havvind vore beskjeden. Det nærmeste ein kjem til offshore havvind i Noreg er diskusjonen om å bruke havvind for å elektrifisere oljeplattformar. Så langt, har dette ikkje skjedd. NVE har utarbeida ein konsekvensutgreiing på område for både botnfast og flytande havvind. Dette var


utarbeida i 2012, og sidan den gong har lite skjedd i Noreg. Dei fastslo at det var lite sjanse for ein kostnadseffektiv havpark innan 2020, men at etter dette tidspunktet burde teknologien for flytande havvind vere konkurransedyktig (NVE, 2012, s.6).

Det meste av utviklinga der norske selskap har vore involvert i har forgått i utlandet. Eksempelvis, Statoil si involvering i engelske havvindparkar som Sherringham Shoal og Dudgeon. Ein av grunnane til dette er, i følgje MacKinnon et al., at el-sertifikatordninga er med på å underbyggje nye teknologiar i Noreg og Sverige i dag (MacKinnon et al., 2018, s. 22). Dette er fordi ordninga er nøytral for alle teknologiar som gjer det vanskelig for nye, små fornybare kjelder å utvikle seg i marknaden. Det vil seie, at når ein ny teknologi prøver seg i bransjen, så må dei konkurrere med andre, meir etablerte teknologiane som for eksempel den norske vasskrafta. Så om ein ynskjer at offshore havvind skal kunne integrerast i kraftmarknaden i Noreg, så må ein finne andre vegar.

“Path creation” er eit perspektiv på innovasjon og næringsutvikling som handlar om å utvikle nye veger, basert på tidlegare teknologisk kompetanse og erfaringar (MacKinnon et. al, 2018). Dette til motsetjing til stiavhengigkeit som er når ein sit fast i gamle baner til tross for at ein har andre teknologiar som kan brukast, slik som vasskrafta er for Noreg (Martin og Sunley, 2006). I Noreg har det meste av utviklinga av havvind føregått i utlandet, og ifølgje MacKinnon et. al., vil difor den norske “path creation” vere avhengige av at internasjonale selskaper treng deira kompetanse; i Noreg meiner denne studien at politikken sett grensar for utviklinga. At norsk offshore industri er avhengige av internasjonale selskap er ein “inside-out” investeringsprosess. Ein kan forklare dette som at ein går frå bransjene i Noreg, og utviklar i utlandet. Gjennom utvikling av offshore havvind kan Noreg dermed bruke den erfaringa og kompetansen som ein har jobba seg opp mot etter nesten 50 år i oljen, og utvikle ein sti som etter kvart kan gå tilbake til Noreg.

Den norske leverandørindustrien rundt offshore olje og gass er den nest største næringa i Noreg i dag (Oljedirektoratet & Olje- og energidepartementet, 2018). Fleire av desse selskapa har i dei siste åra også gått inn i offshore havvind-industrien. Dette gjennom industriell “branching”, som betyr at dei gjekk inn i ein ny industri. Fleire små norske selskap har hatt noko utbytte av utanlandske utvikling av offshore havvind. I ein rapport frå Make Consulting i 2017 legg dei fram ei oversikt over kva selskap i Noreg som har vore involvert. Desse selskapa har vore involvert i fleire prosjekt, men som vist i figur 3 er det forsyning og

installering av kablar som er der Noreg er mest involvert i dag. I rapporten kan ein finne selskap som Kværner Verdal, Siem offshore og DeepOcean som alle har vore eller er involvert i offshore vindbransjen. Så sjølv om det kanskje ikkje byggjast vindparkar endå i Noreg, så er det ikkje tvil om at norske selskap har vore involvert i utviklinga av offshore havvind. Desse selskapa brukar på forskjellige måtar kompetanse frå olje- og gass, då det var dette dei starta med før dei gjekk inn i offshore vind (MacKinnon et al., 2018). Det er altså ikkje berre Statoil sin involvering i utlandet der norsk teknologi er involvert.



Note: Based on projects fully grid-connected by 2010-H1/2016.  
Source: MAKE

**Figur 3:** Prosentvis marknadsandel for norske selskap (MAKE Consulting, 2017, s. 14).

## 2.4 Statoil sitt Hywind-prosjekt

For Statoil har ryggraden opp til no vore olje og gass. Gjennom den nesten 50-år gamle historia til selskapet, har Statoil bidrige til ein enorm kapital og kompetanse innan i Noreg. Som eit hovudsakleg olje- og gasselskap er det klart ein må gjere endringar for å følgje med i samtidia og det er stort fokus på at heile verda må jobba for å redusere CO<sub>2</sub>-utsleppa, også i Statoil. Dette har lagt grunnlaget for Hywind-prosjektet.

Hywind-konseptet vart skapt av Dagfinn Sveen i 2001. Det gjekk frå å vere ein teikning på ein serviett til ein realitet etter norsk Hydro fekk opna auga sine for ideen. Namnet kjem frå HY-dro+WIND ettersom det er ein tradisjon og døypa alt som Hydro er involvert i med HY først som lenge har vore brukt i namngjeving innan olje på plattformene Ettersom Statoil tok over Hydros oljedivisjon i 2008, vart Hywind også overført til Statoil (Løvik, 2017).

Til tross for at olja har vore ryggraden, har Statoil i dei siste åra og tatt på seg utfordringa å kutte utslepp av CO<sub>2</sub>. Ifølge Statoil er vi nøyde til å redusere utsleppa og dei ser difor fornybare løysingar som ein god forretnings moglegheit i tillegg til olje og gass. Med den årelange kompetansen ein finn i Statoil i dag, er det naturleg for dei å kome seg inn i offshore havvind (Statoil [2], 2018). Statoil meiner sjølv at deira bakgrunn frå oljebransjen gjev den kompetansen og erfaringa dei treng for ein suksessfull flytande vindpark. Og det er nettopp dette dei har bruk for å utvikle Hywind vindpark (Statoil [3], 2018).

Det er her Hywind-prosjektet i Skottland kjem inn i biletet. Frå hausten 2017 vart fem 6 MW turbinar plassert utanfor kysten av Skottland. Dei har produsert straum og vart dermed den fyrste flytande vindparken i verda. Teknologien dei brukte i Hywind-prosjektet er i dag beskriven av Statoil som den mest bevisste teknologien så langt. Det er også ein teknologi som ein tar i bruk gamle teknikkar på ein ny måte (Statoil [3], 2018). Gjennom dei 8 åra som Hywind-demo ved Karmøy har vore i bruk, har dei kome fram til fleire løysingar som har hjelpt, slik at vindparken i Skottland har blitt bygd ut. Det er meininga at utviklinga av vindparken skal fortsetje, då teknologien endå ikkje er fullstendig utvikla.

Med auka fokus på å kutte utslepp, har Statoil og ynskja ei fasadeendring. Namneendringa er eit ledd i Statoil sitt New Energy Solution strategi for å fortelje verda at Statoil også har andre planar for selskapet enn berre å vere eit olje- og gasselskap. Den administrerande direktøren i Statoil, Eldar Sætre, uttrykker denne namneendringa som:

*Equinor sier noe viktig om hvem vi er, hvor vi kommer fra og hvordan vi ønsker å utvikle oss. Vi er et verdibasert selskap, og likeverd beskriver hvordan vi ønsker å tilnærme oss mennesker og samfunnene der vi bidrar med vår virksomhet. Norsk sokkel vil forbli ryggraden i selskapet, og vi vil bruke vår norske opprinnelse i posisjoneringen når vi fortsetter å vokse internasjonalt innan både olje, gass og fornybar energi (Statoil [1], 2018).*

I andre ord ynskjer Statoil at selskapet ikkje berre skal vere kjent som eit oljeselskap lengre, men ynskjer å stå fram som eit verdibasert selskap. Sætre forklarar og korleis dei no skal vere eit energiselskap der olje- og gass og energi er like. Dette fordi dei er eit selskap for framtida. Det er klart at dei er klare for å utvide verksemda si; både i eit økonomisk og eit verdibasert perspektiv. Den 15. mai 2018 kom den formelle godkjenninga; frå denne datoен har Statoil endra namn til Equinor.

## 2.5 Den politiske satsinga på offshore havvind i Noreg

Den norske krafthistoria starta i Noreg med vasskraft for cirka 150 år sidan. Utviklinga av vasskraft har vore svært viktig for moderniseringa og industrialiseringa av Noreg. I år 1909 vart dei Castbergske konsesjonslovene vedtatt og dermed ende all energiressursar opp med å vere i offentleg eigarskap (Statkraft, 2009). Til tross for dette kom den største utbygginga først etter krigen. Det var ein alminneleg forståing etter krigen at den norske stat skulle hjelpe til med utviklinga av vasskraft. Som eit ledd i å forsyne industriane med billig elektrisitet og auka sysselsetting, sat staten i gong utbygginga av norsk vasskraft (Vogt, 1971). Men det var ikkje berre vasskraft som auka etter krigen; eit par tiår etter krigen starta også det norske oljeeventyret.

Dei fyrste oljefunna kom frå Phillips Petroleum i 1969. Lille Julaftan 1969 vart det bekrefta ovanfor industridepartementet at det var funne olje på oljefeltet Ekofisk (Kindingstad, 2002, s.78). Ein endeleg stadfesting på oljefunn i Nordsjøen fekk mange konsekvensar for Noreg. I 1972 vart Statoil danna, då under namnet Den norske stats oljeselskap; dette selskapet var statseigd og låg med dette grunnlaget for korleis oljeressursane skulle forvaltast (Kindingstad, 2002; Olje- og energidepartementet [1], 2016). Sidan 1972 har Statoil gjort fleire funn i Nordsjøen; her er kjente felt Gullfaks, Statfjord og Troll. Etter kvart vart også verksemda utvida til fleire land rundt om i verda; selskapet har i 2018 utvinning i 11 land utanfor Noreg (Olje- og energidepartementet [1], 2016). Etter børsnoteringa på 2000-talet har statens eigardel vorte redusert og er i dag på 67% (Olje- og energidepartementet, 2014, s.48).

I dag består elektrisitetsproduksjonen i Noreg for det meste av vasskraft. Sjølv om andre energikjelder, som vind, veks fram, reknast dei som små i samanlikna med vatn (Olje- og energidepartementet, 2017) og ifølgje Statistisk Sentralbyrå er 96,3% av all elektrisitetsproduksjon i Noreg frå vasskraft (Statistisk Sentralbyrå, 2017).

Det har vorte setje fire mål for framtidig energiutvinning i Noreg. Tanken bak dei fire måla er at produksjon skal vere langsiktig og bærekraftig (Olje- og energidepartementet [2], 2016, s.179). Det tredje målet, som er viktigast mtp. offshore havvind, er ein lønsam fornybarproduksjon. Fordi havvind endå er ein ganske ny type energi, så er utbygginga endå svært kostbar. NVE bereknar energikostnaden til å vere mellom 90-120 øre/kWt for offshore havvind. Til lands liggje denne kostnaden mellom 50-60 øre/kWh (NVE, 2012, s. 6). I same

rapport definerer NVE energikostnaden som kostnad per produserte energieinheit og som vil innebere alle kostnadene for ein vindturbin over eit livsløpet. Sidan spekteret mellom land- og havvind er såpass stort, kan ein sjå at kostnadsforskjellane er store endå. Med høye kostnader per energienheit produsert, er ikkje havvind lønsam endå. Det er forventa at kostnadane skal gå ned etter kvart som teknologien forbetrast (Olje og energidepartementet, 2016 [2], s. 162).


Det er i dag eit stort fokus på fleire utbygging av fornybar energi og miljøvenlege teknologiar. Dette kanskje spesielt i løpet av dei siste tiåra der Noreg har forplikta seg til fleire bindande avtaler retta mot miljø og fornybare energikjelder. Dei mest kjente er Kyotoavtala, Paris-avtala og Fornybar-direktivet. Den sistnemnde påverkar den politiske satsinga i Noreg på fornybar energi. I årets energibudsjetten beskrivast vasskraft som ryggraden i det norske energisystemet og er store delar av vår elektrisitetsproduksjon (Olje- og energidepartementet, 2017, s.12) . Grunnen til dette er vår evne til å regulere vasskrafta. Regulert vasskraft gjer at ein kan lagre vatn for seinare produksjon, framfor å bruke ressursen der og då som med dei andre fornybare energikjeldene. Vasskraft har gitt Noreg moglegheita til å kunne styre og lagra produksjonen av energi meir enn dei fleste landa i Europa, litt som eit batteri. Som eit følgje av dette har Noreg hatt store fordelar for å nå fornybar-måla.

Frå budsjettet 2018 er det kome med eit kapittel kalla “Ein strategi for flytande vindkraft”. Per dags dato er dette det nærmeste ein kjem til ein strategi for havvind. I dette kapittelet annonserer olje- og energidepartementet at:

*Regjeringa vil at Noreg som energinasjon skal utnytte kompetanse, røynsle og naturgjevne fortrinn langs kysten vår og i våre havområdet, til ytterlige verdiskapning og framtidsretta løysingar (Olje- og energidepartementet, 2017, s.155).*

Med dette viser den noverande regjeringa at dei har ein tanke om at havvind skal utviklast vidare ved å bruke den kompetansen vi har i Noreg. Noreg har vore tidleg ute med utvikling av flytande havvind med Hywind-prosjektet, men regjeringa sin strategi konstaterer at teknologien ikkje har kome langt enda til tross for at den har potensial i marknaden. I Stortingsmeldinga “Kraft til endring”, som seier noko om kraftmarknaden fram mot 2030, er også havvind nemnt, men utan vidare planar om havvind i Noreg i framtida. Slik det ser ut i dag, har ikkje regjeringa noko fastsette planar om havvind anna enn som eit forskingsområde.

Regjeringa skriv at dei ikkje ser på offshore havvind som realistisk å setje i gong i Noreg i dag (Olje- og energidepartementet, 2017, s. 156). Difor vel dei å setje pengane i økonomiske verkemiddel. Dei legg altså ikkje fram noko tydelege grep som skal tas for å utvikle offshore vind, men leggje pengar i fleire stønadsprogram som gjev pengar til nye prosjekt. Det meste er knytt til forsking- og teknologiprogram. Gjennom desse programma kan eit prosjekt få stønad til å utvikle idear, vidareføre forsking og få teknologien ut på marknaden. Med økonomisk stønad frå staten har desse aktørane moglegheit til å gje økonomisk bidrag til prosjekter i forskjellig stadium. Dette kan strekke seg frå tidleg forsking, lån og hjelp til marknadsføring. I 2009 fekk Statoil stønad på 59 millionar kroner frå Enova til å setje opp demo-turbinen utanfor Karmøy (Olje- og energidepartementet, 2017).



**Figur 4:** Plassering av ulike økonomiske verkemiddel (Olje- og energidepartementet, 2017, s. 158).

Det er tre hovudaktørar som fungerer som staten sine økonomiske verkemiddel. Enova er ein av dei og har allereie gjeve sitt bidrag til norsk havvind. I 2009 fekk Hywind-prosjektet 59 millionar kroner frå Enova (Olje- og energidepartementet, 2017, s.157). Dette var for at Statoil skulle kunne utprøve teknologien før dei eventuelt gjekk vidare. Som sett i figur 4 så er Enova eit verkemiddel for at teknologiar skal kunne kome seg ut i marknaden. Fordelinga av dette økonomiske verkemiddel bestemmas av regjeringa gjennom kontraktar på fire år og det er regjeringa som bestemmer kva Enova skal fokusere på (Regjeringen, [2], 2017).

Til tross for lite konkret satsing frå politikarane trådde Havenergilova i kraft frå 1. juli 2010. Denne lova skal gjeve rammeverk for fornybar energiproduksjon til havs og førebu ei eventuell utbygging av fornybar energi til havs. Det vart i denne lova fastsette at berre områder opna av staten kan brukast og at “retten til å utnytte fornybare energiressursar til havs tilhøyrar staten” (Havenergilova, 2010, §1-3). I andre ord, for at produksjon av energi kan skje til havs, må ein ha tillating lik den til lands. Etter §2-2 er det også krav til at områder opnast av regjeringa før ein kan gjeve konsesjon til eit produksjonsselskap. April 2018 er det endå ikkje lagt ut områder til offshore havvind.

Frå NVE kom det i 2012 ut ein strategisk konsekvensutgreiing for moglege områder til offshore havvind i Noreg. Med dette vart det også lagt ut områder som kan egne seg til enten flytande eller botnfast havvind. Denne utgreiinga komplimenterer havenergilova som krev at staten må ha opna områder før ein kan utbygge havvind. Dette er enda ikkje gjort, men det ser ut til at staten ynskjer å opne for demonstrasjonsprosjekt. I ein pressemelding frå desember 2017, fortel olje- og energiminister Terje Søviknes at regjeringa har som ambisjon å opne områder innan kort tid (Regjeringen [1], 2017). Målet med desse areala er at ein kan starte nye demonstrasjonsprosjekt for flytande vind.

I dette kapittelet har vi sett på kunnskapsstatusen til offshore havvind. Kapittelet har tatt for seg utviklinga av offshore havvind, kva utfordringar som går igjen for offshore havvind og den norske statusen for denne teknologien i dag. Samt har vi gått inn på Hywind-prosjektet og den politiske satsinga på havvind. I neste kapittel vil vi sjå på metoden vi har brukt for å kome fram til resultata i denne oppgåva.

### 3. Metode

I dette kapittelet skal vi sjå på metoden vi har brukt til å kome fram til resultata våre. Metode er ein måte å gå fram på for å samle inn data. Val av riktig metode er viktig i ei undersøking, då dette vil påverke kva type svar ein får. Denne oppgåva vil vi bruke kvalitativ metode for å belyse problemstillinga vår. I følgje Anne Ryen vil kvalitativ forsking kunne gje oss ein meir djupare forståing av dei spørsmåla vi prøver å finne svar på. Ein vil heller kunne finne meiningsbakorda og perspektivet til intervjuobjekta enn å få tall som prøver å beskrive verkelegheita (Ryen, 2002, s. 20). Det er nettopp på grunn av dette vi har valde kvalitativ metode; vi ynskjer å sjå nærmere på haldninga Statoil har til korleis dei kan bidra til å utvikle offshore havvind. Difor vil vi i dette kapittelet sjå nærmere på korleis vi har henta inn informasjon.

#### 3.1. Val av metode

I vår undersøking har vi valde kvalitativ metode med intervju og dokumentanalyse. Dette gjev oss moglegheit til å gå i djupna på eit område og å sjå nyansar (Kvale, 2007). Det vi ynskjer i denne oppgåva er å finne nærmere ut korleis norsk oljebransje, nærmere bestemt Statoil, meiner dei kan bidra med å utvikle havvind. Med tanke på at vi ynskjer å sjå på haldningane er det naturleg å velje ein kvalitativ metode. Vi har dermed kontakta utvalde personar innan Statoil og ei frå Miljø- og energikomiteen i Stortinget for å få innblikk i deira haldningar mot offshore vind.

Vi har valt eit semi-strukturelt intervju. Dette vil sei ein intervjuguide basert på nokre spørsmål vi gjerne ville gjennom, men som også gav oss moglegheit til å spørje meir rundt visse tema om vi følte vi trengte det. Årsaka til at vi valde dette er fordi vi ville ha moglegheit til å stille fleire spørsmål enn dei vi førebudde på førehand. Med denne opne strukturen, kunne dei som vart intervjeta sjølv velje litt kva dei syntest var viktig (Tjora, 2012). Samtidig, kom vi førebudd med ein intervjuguide med spørsmål slik at vi hadde noko å støtte oss på under intervjuet. Dette ville gje oss moglegheit til å gå inn i djupna på eit fenomen for å sjå kva haldninga det er mot offshore havvind i Statoil. Ifølgje Dag Ingvar Jacobsen i “Hvordan gjøre en undersøkelse?” passar intervju seg når det er få einingar som skal undersøkast og når

ein vil vite meir om kva ein person meiner om noko eller for å forstå korleis ein person tolkar eit fenomen (Jacobsen, 2015, s. 146-147).

### 3.1.1 Val av respondentar

Valet av våre respondentar vart tatt basert på kva vi mente best kunne hjelpe å belyse vår problemstilling. Vi har valde intervjuobjekt i forskjellige stillingar innan Statoil og ein politikar frå Energi- og miljøkomiteen. Frå Statoil intervjuva vi tre respondentar med forskjellige stillingar innan Statoil. Ei av dei med bakgrunn frå oljebransjen og som nyleg flytta over til Statoil sin fornybar energi satsing, og to andre med ein praktisk bakgrunn frå havvind, som kjem frå Statoil i Storbritannia. Desse to har begge ein praktisk bakgrunn. Denne blandinga av praktikarar, leiarar og politikarar valde vi for å få best informasjon til problemstillinga vår og for å få eit innblikk i om det er forskjellar mellom ein person i ein høgare stilling og ein som jobbar på golvet. Vi val dette for å sjå korleis dei to praktikarane responderte ulikt frå ein meir leiartype i Statoil. Vi kom også fram til at vi ynskja ein politisk respondent, og vårt val falt dermed på ein politikar frå Miljø- og energikomiteen. Då Statoil er ein statleg bedrift gjev dette meining å sjå korleis Statoil opplev den statlige påverknaden og korleis staten forstår utviklinga av offshore havvind utan dei som tar vala direkte.

Alle respondentar kom frå nettverk frå Statoil eller gjennom kontaktar. For å kome i kontakt med dei forskjellige respondentane tok vi kontakt gjennom telefon. På denne måten fekk vi introdusert kven vi var og kor vi kom frå, samt vår problemstilling. Praktikarane frå Storbritannia fekk vi kontakt med gjennom Malin og snakka først med dei på sjølve intervjudagen. Vi fekk bekrefta intervjuet nokre dagar før intervjuva fann sted. Politikaren frå Energi- og miljøkomiteen kom vi i kontakt med gjennom ein kjenning. Dette intervjuet vart gjort over telefon, då vi ikkje hadde moglegheit til å møte personen i Oslo og at det tok tid før vi fikk bekrefta intervjuet.

### 3.1.2 Presentasjon av respondentar

Informantane vi valde har alle ulike utgangspunkt som vi valde på grunnlag av at vi ynskjer forskjellige syn på korleis Statoil kan bidra til å utvikle offshore havvind. Alle namna i oppgåva er fiktive.

Namn:	Jobbtittel:	Utdanning:	Anna erfaring:
“Malin”	Analytikar, Statoil	Geokjemi, Universitetet i Bergen	Lang erfaring frå olja.
“Renate”	Ingeniør - vedlikehald, Dudgeon Offshore	-	- Erfaring i marine operasjonar - har og jobba med Hywind Scotland
“Neil”	Ingeniør, Sheringham Shoal offshore	-	Mekanikar frå det britiske militæret, teknisk ekspert
“Elise”	Opposisjonspolitikar - Energi- og miljøkomiteen	Økonomisk/administrativ utdanning, høgskule.	-

### 3.1.3 Utarbeiding av intervjuguide

Då vi utarbeida intervjuguiden forsøkte vi å lage spørsmål som var opne, slik at respondenten kunne velje kva dei sjølv meinte var viktig. Dette har vi gjort fordi vi ynskjer at dei vi intervjuar kan trekke fram det dei sjølv synest er viktig å nemne (Tjora, 2012). I tillegg var vi opne for at vi måtte spørje fleire spørsmål på intervju-dagen for å få eit djupare forståing av det dei sjølv valde å trekka fram i intervjuet.

Intervju-spørsmåla er delt opp i fire tema. Dette er vanleg å gjere i semi-strukturelle intervju for å ha ein form for struktur (Tjora, 2012, s.134). Eit av tema er ein introduksjon til deira rolle og forhold til Statoil for å sjå føresetnadene deira. Dei tre andre tema vi tok med er teknologi, økonomi og politikk. Dette er basert på tema som går igjen i forsking og politiske dokument vi har lest på førehand om offshore vind og vi valde difor å bruke dei same tema basert på tidlegare informasjonsleiting. Dette gjorde at vi kunne gå meir rett på sak, då intervjuva var planlagt å vare berre rundt ein time (Ryen, 2002).

Nokon forandringar vart det gjort i intervjuguiden frå kvar respondent. Dette gjorde vi fordi ettersom kvar respondent har ulike erfaringar og føresetnader til å svare på spørsmåla våre. Dette gjer at vi får litt forskjellige svar frå dei. Men vi får også eit breiare spekter av svar og

meir spesifiserte svar i det dei har kunnskap om. I tillegg måtte vi oversette eine intervju-guiden då vi fekk informasjon om at to av intervjuobjekta var engelske. For å oversette spørsmåla valde vi å ikkje oversette direkte, men heller prøve å finne “essensen” av spørsmålet og oversette etter dette.

### 3.2 Gjennomføring av intervju

Dei to fyrste intervjuva vart gjort i person i Bergen i slutten av mars 2018. Alle intervju varte rundt 30 minuttar til ein time. Vi var begge til stades under intervjuva, men berre ein av oss tok seg av den planlagde delen av intervjuet. Vi valde å gjere dette fordi det kjentes mest naturleg for oss, og det gav den andre person moglegheita til å observere og stille oppfølgingsspørsmål. Spørsmåla var planlagde på førehand, men vi var opne for at vi måtte kanskje spørje fleire spørsmål for meir utdjuping. Under intervjuva brukte vi lydopptak frå mobil slik at vi ikkje trengte å bruka tid på å skrive, men heller konsentrere oss om respondentane. Lydopptakeren vart plassert så nære informantane som mogleg slik at vi skulle få med oss kva som vart sagt og for å få best mogleg lydkvalitet. Til tross for dette var det framleis tider der lydkvaliteten vart mindre bra. Dette på grunn av bevegelsane av personer eller at mobil ikkje har oppfatta lyd.

Det siste intervjuet vart gjort i midten av april 2018 over telefon. Dette intervjuet tok berre ein halvtime, men vi kom oss igjennom alle spørsmåla. På dette intervjuet valde vi bort nokre spørsmål om teknologi, og fokusere heller på politiske spørsmål, då vi tenkte dette var nokre respondenten kanskje visste meir om enn teknologi. Igjen hadde vi planlagt spørsmåla på førehand, men var opne for at ein måtte spørje litt meir undervegs i intervjuet. Dette intervjuet vart også tatt opptak av på telefon slik at vi kunne transkribere alt etterpå.

### 3.3 Dokumentanalyse

Vi har også valt å bruke dokumentanalyse i vår forsking for å finne kunnskapsgrunnlaget vårt. Dokumentanalyse er, ifølgje Tjora, at ein analyserer allereie eksisterande dokumenter (s. 162). I vår undersøking vart desse data vi fekk frå dokumenta brukt som bakgrunn for kunnskapsstatusen og dette har gjett oss ei oversikt over forskinga det er gjort på temaet vårt.

Då vi fann fram til dokumenta vi skulle analysere har vi kritisk passa på korleis type dokument vi har funne slik at informasjonen er riktig og ikkje utdatert.

For å finne anna forsking har vi brukt søketenestar som Google Scholar og Høgskulen på Vestlandet si biblioteksøketeneste, Orija. Dette gav oss tilgang til fleire gode artiklar med høg kvalitet. Vi valde desse to tenestene for å at vi skulle finne dei beste kjeldene. Vi brukte søkje ord som “offshore vind” både på norsk og engelsk. Dette ga oss tilgang på studiar som vi fant på nett eller forslag på bøker frå biblioteket vi kunne bruke. I tillegg har vi brukt mykje materiale frå regjeringa.no for å finne politiske kjelder. Her fant vi blant anna energibudsjettet, forskjellige NOU’ar, stortingmeldingar og pressemeldingar. Desse kjeldene har vi brukt for å få inntrykk av korleis Stortinget prioriterer offshore havvind. Ein del av materiale til kunnskapsstatusen er også henta frå Statoil sine eigne sider. Vi har tatt i betraktning at dette er eit selskap si eiga nettside og har som mål å framstille seg mest mogleg positivt.

### 3.4 Omarbeiding av data

For å omarbeide data tok vi i bruk Dag Ingvar Jacobsen sin bok “Hvordan gjøre en undersøkelse”. I kapittelet om analysen av undersøkinga beskrev han fire forskjellige forhold som vi følgde for å undersøke data. Det første var dokumentasjon. Dette fekk vi inn gjennom intervjuva vi gjorde. Etter intervjuva var gjort, brukte vi nokre dagar på å transkribere. Det vil seie, skrive ned all lyddata til skrift. Dette gjorde vi for å ha ideane på ark, noko som hjalp oss når vi skulle analysere svara vi hadde fått. Vi valde å skrive ganske ordrett ned kva som vart sagt, men i nokre tilfelle var det ikkje mogleg å få med seg alt. Dette løyste vi med å høyre gjennom denne delen om igjen. Viss det viste seg at det ikkje var mogleg å høyre kva som vart sagt, så har vi skrevet inn spørsmålsteikn for å vise dette. På grunn av en liten avsporing i intervjuet av dei engelske kandidatane, er cirka fem minutt av intervjuet såpass dårlig at det ikkje er mogleg å høyre kva som vart sagt, men då vi kom på rett spor igjen fekk vi plassert lydopptaker nærmare, noko som auka lydkvaliteten.

Etter dokumentasjon må ein, i følgje Jacobsen, utforske materialet. Det vi gjorde då var å lese gjennom transkriberingen og markere områder og tema vi syntest var interessante ut frå problemstillinga. Basert på dette fekk vi ein litt klarare forståing av kva data vi faktisk har

fått og korleis vi burde presentere det i resultat-seksjonen av oppgåva. Vi valde å finne fram dei sitata vi syntest var mest viktige i forhold til desse tema og prøvde å forklare kva som var viktig med dette. Saman diskuterte vi kva vi syntest var viktigast.

I neste steg måtte vi systematisere og kategorisere data frå intervjuet. Då vi leste gjennom var det fleire tema som gikk igjen. For å få ein samanheng mellom dei ulike tema tok vi saman liknande sitat under same tema, til tross for kven av representantane som uttalte seg.

Til slutt måtte vi binde saman teksten.

### 3.5 Feilkjelder i data

I intervjuet er det fleire moglege feilkjelder. Vi har naturlegvis prøvd så godt vi kan å unngå desse feilkjeldane, men mtp. den subjektive naturen til kvalitative intervju, så vil det alltid vere moglegheit for at det er noko er feil i vår undersøking.

Den eine informanten var i nettverket til ein av studentane som står bak denne oppgåva. Dette, samt namnet på studiet vi avsluttar, kan gjere at informanten fortel kva dei trur vi vil høre. Dette gjer at vi kanskje får eit litt anna svar frå respondentane. Om vi hadde presentert oss med eit anna studie, ville kanskje vi fått andre svar på spørsmåla enn det vi faktisk har fått. Om svara vi har fått beskriv verkelegheita, har med gyldigheit å gjere. Frå Jacobsen sin bok kjem det fram at ein av kritikken ved kvalitativ metode er at menneske ikkje alltid vil eller kan beskrive verkelegheita. Dermed vil gyldigheita vere låg.

For det meste valde vi å gje like spørsmål for alle informantane. Sidan vi hadde to engelske som informantar måtte vi oversette spørsmåla. Dette kunne ført til at noko av essensen av spørsmåla vart "lost in translation". Da vi oversatte valde vi heller å prøve å finne denne essensen, i staden for å direkte oversette til engelsk. Dette måtte vi også tenkje på då vi gjennomførte intervjuet. For å få ein flyt på spørsmåla, så ville vi ikkje berre sitte å lese rett av, men heller ha naturlige overgangar slik at intervjuet heller vart oppfatta som ein samtale. Sidan engelsk ikkje er fyrstespråket til nokon av oss, vart det litt vanskelegare enn dei intervjuet som ble gjort på norsk. Det kan tenkjast at nokon spørsmål vart formulert om slik at spørsmåla vart oppfatta annleis.

Det er også mogleg at situasjonen rundt å gjere eit intervju ansikt-til-ansikt og over telefon kan ha gitt nokre forskjellar i svara. Over telefon så mista vi også kroppsspråk frå ho vi snakka med og kunne ikkje bruke vårt kroppsspråk for å få ho til å snakke vidare. I følgje Aksel Tjora, mister vi då noko viktig frå intervjuet mtp. samtaleaspektet (Tjora, 2012, s.140). I tillegg legg Tjora til at når vi mister den kontakten ein har ansikt-til-ansikt, så blir intervjuet gjerne kortare, noko som skjedde til oss, då telefon-intervjuet vart kortare enn dei to andre. Sjølv om informasjonen vi til slutt fekk frå dette intervjuet var god, så kan ein vurdere om den kanskje kunne blitt endå betre om vi hadde vore i prat ansikt-til-ansikt. I tillegg til dette snakkar Jacobsen om dette med at ein skal ha likt miljø ein gjer intervjuia i. Dette har vi ikkje fått til i våre intervju då eit vart gjort over telefon, medan dei andre i Bergen ansikt-til-ansikt.

Ei mogleg årsak til feilkjelder i dei intervjuer vi har lagt fram her, kan truleg vere at sjølve intervju-situasjonen er noko uvant for oss. Sjølv om vi brukte tid før intervju til å førebu spørsmål, så var vi opne for at vi måtte spørje meir på dagen vi hadde intervjuet. På grunn at vi er uerfarne intervjuarar kunne dette ført til ledande spørsmål på sjølve intervju-dagen. I staden for at informantane sjølv kan velje kva dei ynskjer å svare på eit opent spørsmål, så vil denne typen spørsmål føre til at personen kanskje seier noko anna enn viss det hadde vore meir objektivt. Dette kan gjere forskinga skeiv.

Til slutt angåande validiteten til oppgåva, seier Jacobsen at undersøkingar er berre så god som dataa ein kan samle inn (Jacobsen, 2015, s. 229). Sjølv om dei respondentane vi har snakka med har fortalt sanninga, kan ein tenkje seg til at som arbeidstakrarar i ein stor bedrift, kan dei ikkje alltid fortelje alt dei veit. Under intervjuet såg begge at det var gonger der respondenten stoppa seg sjølv litt, kanskje kan dette vere at dei måtte stoppe. Ei anna side som kan vere viktig å belyse her, er at det kan vere sannsynleg at Statoil som selskap, og deira tilsette, ynskjer å setje seg sjølv i eit godt lys. Dette kan vidare reise spørsmål om validiteten i intervjuet, men ein kan likevel konkludere med at dette handlar om deira haldninga til problemet ved å setje sørkelyset mot deira kunnskap eller manglande kunnskap, eventuelt feilkunnskap.

Intervju som metode har gjeve oss moglegheita til å gå inn i eit tema og sjå nyansane. Naturlegvis er ikkje dette ein generalisert bilet av verkelegheita, men eit bilet av haldninga i Statoil. I dette kapittelet har vi sett på korleis vi har gått fram når vi har gjort intervjuet og

dokumentanalysen og korleis val vi har gjort for å unngå feilkjelder. I neste kapittel skal vi sjå på resultata av intervjeta.

## 4.0 Resultat

I dette kapittelet skal vi presentere resultata frå intervjeta. Desse resultata har vi valt å plassere i forskjellige tema som legger grunnlag for å svare på problemstillingane våre. Noko som kom tydeleg fram var korleis olja vart sett på som konservativ. Vi såg og at den politiske viljen til satsing heller vart sett på som ein barriere enn noko som har hjulpet til å utvikle havvind. I tillegg til den barrieren kom det fram eit stort kommunikasjonsproblem mellom aktørane i Statoil og mellom Stortinget og Statoil. Dette verkar til å vere ein stor barriere for offshore havvind. Økonomi var også noko som gjekk igjen som eit problem i bransjen på grunn av store kutt og mangel på subsidiar. Vi skal presentere sitata frå intervjeta for å belyse vår problemstilling som går ut på å sjå korleis den norske olje teknologien kan bidra til å utvikle offshore havvind. Vi gjennomførte 4 intervju med personer som jobbar med eller har kunnskap om offshore havvind. Nedanfor er det ein presentasjon av intervjuobjekta. Namna vi bruker er fiktive.

Malin jobbar innan Statoil som analytikar i Statoil sitt fornybar-konsept. Ho har frå før lang erfaring frå olja og har tidligare vore plattformsjef.

Renate er ein av dei engelske respondentane. Ho jobbar som Senioringeniør, hovudsakleg med vedlikehald på Dudgeon Offshore. Ho har ingen teknisk utdanning, men har jobba innanfor denne bransjen i mange år.

Neil er den andre engelske respondenten. Han jobbar som operasjonsingeniør ved Sheringham Shoal. Han har militær bakgrunn innan mekanikk.

Elise er politikar i Energi- og miljøkomiteen. Ho har erfaring og utdanning innan økonomi.

### 4.1 Ein konservativ bransje som veit best

Her vil vi sjå nærmare på kva haldninga Statoil har til korleis oljebransjen kan bidra til å utvikle offshore havvind. I denne delen vil vi også ta for oss den første underproblemstillinga: Kva har olje -og gassnæringa betydd for utviklinga av Hywind-prosjektet?

Med dette som bakgrunn vil vi sjå nærmere på kva Statoil har gjort i dei siste åra og kva dei sjølv tenkjer om dette.

Statoil har i dei siste åra gjort val for å vise verda at dei er i gong med å endre seg.

*I 2015 så vart det gjort eit strategisk val i Statoil om at vi skal satse på fornybar og opprette eit eget forretningsområdet som heitar NES - new energy solution. og det er noko av det viktigaste eg trur dei har gjort fordi då viser du heile verda, dette er noko me skal satsa på, 20% av alle investeringskostnader frem mot 2030 skal vere i renewable.*

Dette utsegna kjem frå Malin som sjølv jobbar innan dette forretningsområdet. Ho meiner at denne endringar har vore svært viktig, då mykje av pengane går frå olja til fornybar energi. Det viser at også Statoil, som hovudsakleg har vore eit oljeselskap, også er interessert i å vere med på å utvikle fornybar energi. Det viser verda at dei satsar stort, og når eit av verdas største oljeselskap satsar grønt, da byrjar ting å skje og perspektiv byrjar å endre seg. Denne endringa av strategi er noko dei engelske også har fått med seg. Dei seier at for nokon år sida det verka som om Statoil ynskja å trekke seg litt tilbake i offshore fornybar, men at dei verkeleg har forplikta seg til fornybar energi dei siste åra. Renate var ikkje fullstendig sikker på når denne endringa skjedde.

Ei av endringane som har skjedd er forandringa av namnet til Statoil. Då det i mars 2018 vart annonsert at Statoil skulle endre namn til Equinor, var det mange som hadde meininger om dette. Dette er noko Malin følte på.

*Olje og gass er konservativt, nå skifter vi jo namn sant og det er jo ledd i den strategien at vi ikkje skal heita oil, vi skal ikkje heite Statoil, vi skal vise at vi går inn i fornybar.*

Ho konstaterer at olje og gass er konservativt og då denne namneendringa kom ut så var det ganske så interessant å lese kommentarfelta frå dei interne sidene til olje og gass.

*At dei skulle gå så langt, skulle trekke oss så ut av olje og inn i dette fornybare greiene.*

Men dette er ein del av Statoil sin strategi no. Vår representant frå Statoil går veldig inn på kva dette betyr for selskapet Statoil og korleis dette først og fremst handlar om forretning. Ho konstaterer at dei er veldig på med denne fornybar-bølgja no, men at dei leiker jo ikkje

butikk. Difor må dei løyse denne utfordringa med eit dyr offshore marknad. Dei engelske har liknande utsegn.

*Statoil som eit selskap har lyst til å vere i stand til å seie: “Okei, her er olje og gass, viss du trenger det, men faktisk så kan vi selje sol og vind og offshore vind og kva alle andre prosjekt som vi ser på har også lyst på moglegheita til å sei “ Vi har litt av dette og litt av det andre ” i staden for å seie berre olje og gass. Så eg trur at som eit selskap, Statoil at det er det dei prøver å gjera, spesielt med Equinor namneendringa.*

Renate seier at dette er brillant, og at Statoil ikkje berre er eit olje- og gasselskap og heller ikkje eit reint fornybar-selskap, men eit energiselskap. Og med støtta frå oljebransjen, ingeniørkunnskap og økonomisk hjelp, så dytt dei også offshore vind framover.

Namneendringa har skapt store meininger og ytringar. Det er mange delte meininger, men det viser ovanfor verda at ved å endre namn så opnar Statoil seg mot ein ny marknad og ein ny veg å gå. Med dette viser dei at selskapet har forplikta seg til ein fornybar energi.

Det er ikkje berre med namneendringa ein har delte meininger. Når vi spør om korleis dei oppfattar oljebransjen sitt syn på offshore havvind kjem det fram at delinga er omtrentlig 50/50. Eine halvdelen ser ikkje på offshore havvind som noko å gå vidare med.

*Det følast som det er 50/50. Det er, tipper eg, den eldre generasjonen er litt sånn “Pøh... ” Det er ein haldning som “Pøh, vind. Samma det.” Men det er også den andre 50%, og dei vil alle jobbe i New Energy Solutions.*

Den andre beskrivast som entusiastisk. Renate fortel at ho har folk frå oljebransjen som ring ho opp å sei dei gjerne vil jobba for dei og kjem med forslag med korleis dei kan løyse forskjellige problem dei har møtt. Også Malin meiner at folk er entusiastiske. Ho får ofte spørsmål om dei har jobbar til dei, sidan dei alle vil vere med på dette eventyret. Innan i Statoil så kan det verke som om det er eit skarpt skilje mellom å vere positiv eller negativ til offshore havvind. Til tross for dette er det klart at dei sit inne med mykje kompetanse og mange som er interessert i å vere med i overgangen frå olje- og gass til fornybar energi.

Malin, som sjølv kjem frå olja, snakkar entusiastisk om dette å gå inn i vindbransjen å gjere alt som det har blitt gjort i olja.

*...så ser eg jo når eg snakkar med andre produsentar sant og selskap så ser eg jo at me har ein kjempefordel. med å jobba så (...)mykje med drift og vedlikehald at det kan*

*ta oss vidare fordi desse reine vind selskapa dei er litt sånn som Statoil olje og gass, for kanskje 20 års sidan.*

Malin meiner at Statoil kan ta med seg denne kompetanse vidare og at det er viktig at det er folk frå olja som kan gå til vindbransjen slik at erfaringa kan gå vidare. Med ei nær 50 år lang historie innan offshore olje, er det klart at Noreg har arbeidd seg opp noko form for kompetanse dei kan ta med seg vidare. Det er klart at sjølv om dei engelske kjem med innspel om at kompetansen må endrast for å passe deira bransje, så er dei positive til den hjelpa dei får. Begge meiner at dei er ute etter å utvikle bransjen vidare.

Fleire gonger gjennom intervjuet i Bergen kjem det fram dette med vedlikehald og operasjonar. Renate og Neal, som jobbar med Statoil i Storbritannia, forklarer at å lære frå Statoil er grunnen til at dei er i Bergen nå.

*Eg tenkjer det er kvifor vi er her nå, fordi vi ynskjer å lære meir frå olje og gass og vi ynskjer å sjå... ynskjer å operere i offshore havvind på same måte som olje og gass, berre at vi må tilpasse det litt.*

At dei faktisk seier dette viser at dette med vedlikehald og operasjonar er noko Statoil kan. Dei meiner det er viktig å bruke denne kompetansen, men at samtidig det er noko som tilpassast litt. Dei engelske meiner at sjølv om det er mange likskapar med offshore olje, så er det også viktig å hugse på at det er ein heilt anna bransje. Renate er einig i at Statoil har mykje kompetanse, men også at dei som har jobba i vindbransjen i fleire år er nøydt til å utdanne dei som kjem frå olja litt også. Det er klart at den kompetansen frå olja kjem godt med både med det tekniske og maritime operasjonar, men at dette ikkje er alt.

Malin er ein av dei som meiner at det må gå ann å gå frå olja og rett inn i offshore vind. Dette på grunn av at Statoil har jobba så mykje med drift og vedlikehald frå før. Ho seier bl.a:

*Dei har ikkje den erfaringa dei sitter der, bare ein haug med sånne vanemenneske som starta frå ingenting, åja, dette må vi gjere osv. så sitter det ein haug med HMS folk som seier, "åh, dette er farlig", så er det eigentleg ikkje så farleg.*

Det er klart dei har den same meiningsa blant dei engelske også, men igjen, det er ein anna bransje. Begge dei engelske, som er i Bergen nettopp for å lære av olja, har eit tankesett om å at dei ynskjer å bruke erfaringa. Men samtidig kjem det fram at dette med å tilpasse erfaringa til offshore vind kan til tider vere vanskelig då dei som sitt høgare ikkje alltid hører på dei.

*Eg snakket akkurat med plant manager og han sa til meg: "Korleis får eg dei til å høyre på meg? Eller å forstå? For det dei bestemmer, på CEO-level, (...) det fungerer ikkje for oss".*

Litt av problemet her er at kompetansen går nedover frå Statoil sitt New Energy Solution-departement, men ikkje oppover, til tross for kompetanse innan offshore havvind. Det er ikkje berre for dei å ha ein workshop, som Renate først hadde foreslått, fordi dei sit for høgt oppe i systemet. Dette opplevast som eit problem for dei engelske. Samtidig er dette eit problem dei i NES-departementet har når dei prøver å forklare til kollegaer i olja.

Offshore vind har opna auga i fleire land enn Storbritannia og Noreg; og spesielt flytande vind har opna auga til fleire land i verda. Malin seier bl.a:

*Eg trur flytande vind definitivt vil bli stort. Det vil ta av. Fordi, det er nøydt til det, fordi vi er snart tomme for grunt vatn.*

Det finnes marknader rundt hele verda pga. dette. I begge intervjuet ble det nemnt at folk frå heile verda hadde kome til Hywind-prosjektet i verda for å sjå kva det handlar om og korleis dei har gjort det. Land som Japan og staten Hawaii i USA har mykje hav som brått går frå grunt til djupet. Difor er det store sjansar for at det kan vakse mykje. Malin trur ikkje det vil vere særleg stor påverknad i Noreg etter lanseringa av Hywind Scotland. Ho seier derimot at påverknaden har vore stor i utlandet. Der får dei masse oppmerksemd. Den same oppmerksemada finn ein ikkje her i Noreg ettersom energibehovet vårt vore dekket av vasskraft.

Alt tatt i betraktning er det klart at den norske olje- og gassbransjen har kompetanse til å bidra til å utvikle offshore havvind. Som det første flytande vindkonseptet har Statoil brukt kompetanse som dei har fått etter nærmere 50 år i olje- og gassbransjen; det er klart dei har ein betyding. Men at det også er barrierar internt i Statoil som held tilbake. Ein av desse er den interne kommunikasjonen, som vi så vidt har vore innpå i dette kapittelet. Ein anna av desse barrierane er korleis politikken ikkje fokuserer på offshore havvind, og det er det vi skal sjå nærmare på no.

## 4.2 Andre saker å fokusere på

Viljen til politisk satsing er ein av områda vi har sett på i denne oppgåva og vi vil presentere dei resultata i denne delen av oppgåva. Men vi vil også sjå på at korleis denne satsinga også vart oppfatta som ein barriere, noko som kom fram i intervjeta våre. Denne barrieren er korleis politikken har andre saker å fokusere på framfor offshore havvind. Dette vart oppfatta som ein stor barriere for Statoil, då ikkje mykje skjer i Noreg for å fremje utviklinga av offshore havvind.

På eit spørsmål om korleis myndighetene er med på utviklinga er Malin svært klar i sin mening.

*Eg synest jo Norge er så passive.*

Dette på grunn av vasskraft i Noreg; energibehovet vårt er rett og slett dekt. Dette er noko som kjem fram i politikaren Elise sitt intervju. Ho nemner bl.a at fokuset på nye energikjelder ikkje er der på grunn av vasskraft. Elise seier at i politikken har dei ikkje hatt det fokuset på det som bedriftene har og er dette på grunn av oljeprisene.

*Det har vore eit helt anna offshore segment vi har jobba med. Olje har måtte spart inn. Og da kome med dyre satsingar (...). Vinden har ikkje blåst i den retninga no.*

Det er heller andre land i Europa som kjem til å stå for denne utviklinga då dei skal kome seg bort frå kull, i følgje Elise. Det er ikkje noko konkrete planar med offshore havvind i Noreg, og så lenge Elise har vore i Stortinget, har heller ikkje offshore havvind vore eit tema.

Elise meiner at sjølv om dei som politikarar ikkje kan gjere noko særleg, så er dei framleis positive til den utvikla som industrien kjem fram til. Ho meiner også at det er politisk vilje, men at for at noko skal skje, så må det vere nokon som må ville fronte saken. Det må vere nokon som kjempar gjennom og er den tydeleg røsta frå næringa eller frå folket.

*(...) Så denne her kreative løysingen på å faktisk finne svaret i forhold til offshore vind har ikkje vi hatt kapasitet på nå. Og det trur eg ikkje noko komité har gjort. Men vi har jo sagt at vi er positive til det da.*

Vi har ikkje kapasitet no, seier Elise. Det er rett og slett ikkje tid og det er mange andre saker som er meir i biletet akkurat nå. Dette gjer at offshore vind ikkje blir tatt opp. For at noko skal skje må dette frontast av andre, seier ho, slik at politikarane kan plukke dette opp og evt. jobbe vidare med å finne dei rammeføresetnadane dei meiner trengs før ein kan byggje ut havvind i Noreg.

Vår engelske representant Renate er einig i at satsinga frå politikken er svak. Ho seier bl.a at:

*Det er faktisk selskapa som pusher politikken.*

Ho meiner at den norske regjeringa definitivt stiller seg positive for å utbygge og realisere Noregs fornybar energi potensial, men at det i hovudsak er industrien som gjer mest. Ho tar og opp kor viktig vasskrafta er for Noreg, og korleis folk gjerne tenkjer på olje og gass når det tenkjer på energi frå Noreg. I følgje dei engelske så er dette med namneendringa viktig viss Statoil ynskjer å endre korleis dei blir sett på i utlandet. Endringa av namnet Statoil til Equinor kan verke til å vere eit gjennomtenkt grep for at andre skal forstå at Statoil/Equinor også satsar i andre område. Ho nemner tidligare at ho elskar å jobbe for Statoil og er stolt av Statoil-namnet, men no, med namneendringa, er bedrifta meir enn eit oljeselskap.

Frå eit engelsk perspektiv ser ikkje havvind i Noreg ut til å vere ei satsing på grunn av at vi har olje og gass som ryggraden til Noreg. Den ene engelske respondenten svarer dette basert på eit spørsmål om det politiske synet på havvind. Med ein ryggrad av olje og, som ho nemner vasskraft, så har vi ikkje den store satsinga. Vi held oss litt tilbake pga. oljen og gassen, og vasskrafta. Det er trygt. Malin meiner politikken held tilbake og stoppar oss frå å utvikle og byggje ut meir og seier:

*Kanskje viss dei hadde vore meir villige og vore meir interesserte og, så hadde Statoil og vært meir villig til å ta risiko, trur eg, men dei er ganske fråverande.*

Elise, på den andre sida meiner at på grunn av vasskraft, kjem vi ikkje til å ha det store fokuset her. Ho fortsetter med å forklare at land i Europa ynskjer å kome seg bort frå kull og det er difor dei vil ha store satsingar framover, ikkje Noreg. Seinare seier ho også at det uansett ikkje er opp til politikarane å gjere noko; det er industrien som må gjere noko først. Det verker ikkje til at fokuset som Malin ynskjer seg er der hos politikarane.

Men det er ikkje sånn at dei norske politikarane er negative til offshore havvind. Fyrst og fremst må det byggjast opp eit rammeverk til havvind. Elise meiner at dei norske politikarane er positive til offshore havvind og gjerne ynskjer eit prosjekt.

*Eg opplev jo at ein er positiv til at ein må ha et prosjekt til å jobbe med og gjerne (ta) stilling til at vi skal elektrifisere ei plattform.*

Politikarane nemner dette med å elektrifisere ein plattform, som eit godt eksempel på kva som er evt. aktuelt i Noreg. For å utvikle havvind vidare i Noreg så er det enkeltaktører som må gå framover å utvikle. Aktørar må finne sine nisjar i industrien sjølv, og dei må bruke den

kompetansen dei har. Medan Malin meiner at staten er svært passive til satsing på offshore havvind, kjem det frå politikaren at det er jo ikkje dei som skal bestemme at noko skal skje. Industrien må sjølv finne ut kva dei skal utvikle.

*Vi treng det ikkje, vi har jo vatn, vi har jo pengar, vi har jo olje og gass. Vi har jo energi så det holdar, pengar har vi og så det held, kvifor skal vi brukha dei opp?*

Dette er noko Malin frustrert seier. Både Malin og Elise nemnar dette med vasskraft som ein viktig energikjelde i Noreg. Medan Malin ser på dette som noko som held Statoil sin offshore havvind tilbake, så verkar det til at Elise meiner det er berre sånn det er. Malin oppfattar at den norske politikken fremtre som uinteresserte i å byggje og utvikla noko nytt. Ho meiner dei verker tilfreds med slik dei har dei og at dei difor ikkje har tankar om å satse enda. Elise meiner me må satse på å bli leverandør. Vi må satse på grunn av kompetansen vi har. Den er annleis enn resten av verda og dette må vi bruke.

Det er ikkje mykje som kjem direkte frå politikken og inn til offshore havvind. Rett før vårt intervju tok sted tapte Statoil eit anbod på ein vindpark utanfor kysten til Nederland. Malin fortel at dette var eit anbod dei hadde lagt ut med null subsidiar, og at det er her dei ynskjer at bransjen skal gå. Det er dei sjølv som vil kjøpe, men får ingen økonomisk stønad frå staten. Det er kjempedyrt og ein har ikkje fått store pengesummer frå vind endå, så det er eventuelt oljepengane som må bli dirigert mot vind. Malin synes det er negativt at Noreg som vil vere eit grønt land og eit forbilde for andre land, men samtidig ikkje brukar det dei har ressursar på å utvikle offshore havvind.

Her har vi sett på korleis satsinga på offshore havvind ikkje er der i Noreg. Politikken er ikkje med i utviklinga og dette opplevast som ein barriere for Statoil. Her i Noreg verkar det til at vasskrafa er nok. I neste del skal vi sjå på korleis kommunikasjonen mellom industri og myndighetene er dårleg.

#### 4.3 Eit problem med kommunikasjon

Slik det kjem fram i førre del av oppgåva, peiker intervjuet på at det har vore tilsynelatande lite hjelp å få frå politikken. Ting kan òg tyde på at det oppstår utfordringar i kommunikasjon mellom dei to ulike aktørane, og at ei mogleg årsak til dette truleg er at det ikkje er her

fokuset ligg. Konsekvensen kan då vere at Statoil opplever dette som ei hindring for vidare utvikling.

Industrien ynskjer gjerne meir kontakt med myndighetene for hjelp til vidare utvikling. Dei meiner dei har kompetansen, men utviklinga er dyr. Dette opplevast som ein barrierane for industrien.

*Så det er på ein måte eit sånt miljøinitiativ som kostar meir enn det smaker. Men viss myndighetene hadde vært enda meir ivrige på å vise at dette er vegen vi skal og hjulpet oss med det, så hadde jo det vært fantastisk. No snakkar dei jo om å bygge pilot vindparker og sånt, og då tenkjer eg jo det kunne vore, kontakt oss då, vi kan dette. Vi høyrer ingenting.*

Dette seier Malin om dialogen som er mellom Statoil og dei politiske myndighetene. Dei har kompetansen, men når nokon snakkar om eit pilotprosjekt, så er det ingen som tar kontakt. Myndighetene søker ikkje kontakt hos dei som verkeleg kan dette. Dette vart sagt av Malin når vi spør kva rolle myndigheita har spilt i utviklinga av offshore havvind. Men Malin meiner dette er prisen for å vere fyrst ut med noko. Vår politiske respondent, Elise, synest det å kombinere noko hadde vore interessant, då spesielt mtp. å elektrifisere ein oljeplattform.

Også Elise snakkar og om dette med dialog. Dei synest det er viktig med dialog mellom regjeringa og industrien. Med den kompetansen olje- og gass har, så er det viktig at industrien jobbar med å utvikle seg vidare. Elise beskriv den norske leverandørindustrien som unik og at vi er flinke på å vere innovative. Ho meiner at aktørane og myndighetene jobbar godt saman for å finne løysingar. Men fyrst og fremst er det industrien sjølv som må finne ut kva dei treng for å få til utvikling framover. Ho seier:

*... eg trur det er behov for å stramme inn dialogen og ha tettare kontakt og... kanskje ha litt sak om det rett og slett. Ha køyringa der vi... sett trøkket litt på regjeringa. For det skjer lite ting der og da kan det jo sjølvsagt ta litt meir tak i det på Stortinget.*

På sett og vis er ho einig i Malin i at det ikkje er nok dialog mellom dei i dag. Saman har dei nødt til finne den løysinga som trengs for vidareutvikling av offshore havvind, men fyrst er det industrien som må finne ut kva dei treng hjelp til.

Både Statoil og myndigheita ynskjer meir kontakt for å utvikle offshore havvind. Diverre kjem det fram i våre intervju at det er lite kontakt mellom dei til dags dato. For å vidareutvikle offshore havvind er ikkje manglande fokus og dårlig kommunikasjon mellom

aktørane dei einaste problema. I dag er bransjen svært dyr noko som har ført til mykje kutt for å kunne utvikle vidare.

#### 4.4 Kutt, kutt, kutt...!

Offshore havvind er dyrt. Dette er eit utsegn som går igjen i alle fire intervjuia vi hadde. Fyrst og fremst er dette på grunn av ein umoden teknologi med mykje logistikk og marine operasjonar. Samtidig er offshore havvind ei energikjelde som har store moglegheiter for fleire land over verda. Til tross for denne interessa frå fleire land, så er det økonomiske eit stort problem for at ein skal kunne gjere havvind til ein moden teknologi. Bransjen i dag er svært mager. I intervjuet vi kom det fram tre trendar i offshore havvind bransjen som intervjuobjekta tok opp. Det eine er kostnadskutt, det andre er ynskja om å vere fri frå subsidiar, og det tredje er dyr teknologi.

Endå er sjølve teknologien og bransjen i seg sjølv svært dyr, noko som er eit problem for å utviklast vidare. I alle tre intervjuet vi hadde så nemnast dette: vi må kutte i prisen på havvind. Malin seier, for eksempel:

*Korleis driver vi drift og vedlikehald på billegast mogleg måte, færre folk, mindre vedlikehald, altså meir effektivt vedlikehald...*

Her snakkar ho om korleis dei må spare å få det til å bli billigare for å få ein sjans mot dei andre budgiverne. I intervjuet kjem det fram at land som Storbritannia og Japan har masse subsidiar, medan Noreg har lite og må spare og investere best mogleg for å overleve i offshore havvindbransjen. Det er desse punkta over som ein må finne betre løysingar på for å betre det økonomiske perspektivet. Her er det snakk om å digitalisere vindturbinane, i staden for å ha menneske, og då få prisen ned. For Noreg sin del har oljeindustrien lenge blitt litt blind på timebetaling og er ein av dei dyraste i drift.

*Det som blir største utfordringa for oss det at vi må konkurrere med, altså prismessig, timeprismessig, så altså vi er jo eit selskap som har høge timerate, vi er dyre i forhold til mange europeiske konkurrentar. I alle fall, olje og gass har hatt ein tendens til å gjøre ting kanskje litt for dyrt.*

Malin meiner at viss vi i Noreg skal kunne konkurrere med andre land i verda, så må vi kutte på desse høge timebetalinga. Å behalde dette gjer det vanskelig å konkurrere med dei andre landa.

Kostnadsreduksjon er generelt eit problem over heile havvind-bransjen. Når vi spør kva den største finansielle utfordringa i offshore havvind i dag, svarar Renate at sidan vi endå utviklar teknologien, så treng vi meir pengar for å kunne utvikle den vidare. Samtidig, sidan subsidiane faller bort, må vi finne ein måte å vere meir kostnadseffektive. Ho fortel ein historie om korleis eit vindfirma i Storbritannia vann ein vindpark utanfor Nederland og neste dag enda opp med å avsette 1500 personer fordi dei har nøydt til å balansere regnskapet. Dette er svært problematisk for bransjen, då dei engelske poengterer fleire gonger at dei treng fleire folk også. Dei lever på det dei kallar “bare minimum”. Ho samanliknar korleis det er å vere i Storbritannia med korleis det er i olje- og gassbransjen. Medan dei har ein person som gjer fleire jobbar, ser ho at på Statoil sitt kontor i Bergen (Sandsli) er det så mange folk og alle gjer berre ein jobb. Dette samtidig med at olje- og gass drivast svært magert for augeblikket.

Dette med kostnadsreduksjon er noko politikaren fleire gonger nemner også. Det er ein dyr industri enda, og med nedgang i olje- og gass marknaden, så meiner ho at det ikkje har vore mogleg å kome med dyre satsingar. Det viktigaste, i følgje ho, er at vi må finne ein måte å redusere prisen på med gode teknologiske løysingar. Dette er då opp til bransjen sjølv å finne ut av, for det er ikkje noko politikarane kan gjere noko med. Men ho nemner at det er viktig å få til gode samarbeid i Europa og EU då det er fleire gode ordningar kor ein kan få pengar frå der. Då spesielt mtp. forsking.

Subsidiar har vært viktig for fleire teknologiske bransjar. Dette er, i følgje Malin, pengar som kan hjelpe når utviklinga endå er for dyr.

*Vi har fått stønad frå Enova og det er jammen godt for hadde vi ikkje det så hadde det i alle fall ikkje flydd dette prosjektet.*

Malin meiner at Hywind ikkje hadde eksistert viss det ikkje var for støtta dei fekk frå Enova. Då vi spør korleis ho trur vindkraft næringa er om 10 år svarar ho at ho trur bransjen vil gå mot null subsidier. Ho forklarar også kor vanskeleg det er for dei å konkurrere sidan Statoil konkurrerte nettopp mot andre land om ein vindpark, men tapte fordi dei ikkje hadde subsidiar.

Eit anna økonomisk problem er dette med å skaffe reservedelar for turbinane.

*(å skaffe) ...reservedelar, eg tenkjer det trengs meir utvikling der. Fordi, for augeblikket, kan ein berre stole på nokre få leverandørar, så det er ikkje mykje konkurranse i marknaden. Det er dyre reservedelar.*

Dette ble sagt av Renate og opplevast som ein stor barriere. På grunn av lite konkurranse i marknaden er alle reservedelane frå turbin industrien dyre; dei få leverandørane i marknaden har eit monopol. Dette blir eit problem fordi offshore havvind-bransjen endå drivast svært magert. Sidan prosessen ved å få lov til og å byggje turbinar er treig, så rekk turbinprodusentane å utvikle nye turbinar i mellomtida, kjem det fram i intervjuet. Det setje ein hindring for dei som vil satse kan bruke fleire år på å få godkjenning frå styringsmakta og å byggje ut, og når ein skal byrje å produsere kan det ha kome noko heilt nytt konsept av turbinar som er mykje meir effektiv enn det ein allereie har bygd ut. Samtidig får ikkje eldre vindparkar tak i delar dei trenger for vedlikehald ettersom det allereie blir sett på som eldre teknologi etter berre nokre år. Dette vil vere eit problem økonomisk.

Nokon gode nyhende er det for offshore havvind. Når vi spør kva som må til for å tiltrekke investorar seier ho:

*Eg trur det allereie er attraktivt. At det er en attraktiv moglegheit. Det er ikkje eit 20% type selskap som med olje og gass (...), men ein stabil 7-8-9 % avkastning.*

Dette er gode nyhende for offshore havvind bransjen, då det trengs investorar for å utviklast vidare. Sjølv om det er mykje kutt i næringa og ein mager industri, så vil investeringar vere positivt for bransjen. Også Malin med investeringar. Ho snakkar om korleis dei i Statoil har valt å setje inn 20% av all investeringskostnad i fornybar. Dette for å vise verda at dei verkeleg satsar på dette området. Dei ser at dette er eit viktig forretningsområde.

Det er fleire økonomiske barrierar og ein god nyhende i offshore havvind. Dette er kostnadskutt, ein subsidiefri næring og dyre reservedelar; samt den gode nyhenda, ei oppleveling av at offshore havvind tiltrekker investorar. I det neste kapittelet skal vi drøfte vår problemstilling med resultata våre og kunnskapsstatusen som grunnlag for å svare på korleis den norske oljebransjen kan bidra med å utvikle offshore havvind.

.

## 5.0 Drøfting

I dette kapittelet skal vi drøfte problemstillinga vår og samanlikne dei forskjellige intervjua med litteratur frå kunnskapsgrunnlaget. Dette vil leggje grunnlaget for vår konklusjon på problemstillinga vår:

*Korleis kan norsk oljebransjen bidra til å utvikle offshore havvind? Ein kvalitativ studie om haldningar til offshore havvind i Statoil 2018.*

- *Kva har olje -og gassnæringa betydd for utviklinga av Hywind-prosjektet?*
- *På kva måte har den politiske viljen til satsing hatt ei betydning for utviklinga av offshore vind?*
- *Kva er dei viktigaste barrierane mot offshore vindkraft i Noreg i 2018?*

### 5.1 Betydinga til den norske olje- og gassnæringa i Hywind

Statoil har allereie gjeve sitt bidrag til offshore havvind; dette med vindparken Hywind som er lokalisert utanfor kysten i Skottland. Som poengtert i intervjuha har Statoil brukt kompetanse frå oljebransjen som teknologi, vedlikehald og operasjon i vindpark prosjektet. Ein kan finne dette på Statoil sine eigne nettsider kor ein finne mykje skrevet om utviklinga av Hywind vindpark. Det er klart at kompetansen har kome godt med.

Frå intervjuha kjem intervjouobjekta med eksemplar som sub-struktur, maritime operasjonar og vedlikehald som noko Statoil har gode greie på. Men sjølv om kompetansen har vore betydningsfull, så er det visse delar av vindbransjen som ikkje er deira ekspertområde. Dei engelske intervjouobjekta er einige i at kompetansen har vore viktig, men at det er nokon ting som er annleis. Ikkje alt på ein vindturbin kan gjerast som i oljebransjen. Det går an å bruke mykje, men noko må altså tilpassast, er noko dei engelske fortel oss. Dei engelske har opplevd at folk kjem inn frå oljebransjen med alle svara, men at dei ganske snart kjem til den konklusjonen at dei kan ikkje alt dei heller. Det er to forskjellige bransjar.

Det kan verke til at Malin har litt denne haldninga om at det er lett å gå inn i offshore vindbransjen for havvind. Ho snakkar svært positivt om dette med å gå inn i vindbransjen og korleis dei i Statoil har ein fordel overfor andre selskap som går inn i offshore. For eksempel

snakkar ho ein del om korleis ein burde kunne bruke kursinga frå oljebransjen vidare til havvind, då dette er dyrt. Naturlegvis, dette treng ikkje vere feil. Dei engelske er der tross alt for å lære meir om korleis oljebransjen opererer, noko som viser at det er noko å hente frå industrien. Men samtidig kan det verke til at Malin sjølv gløymer dette som Renate og Neal snakkar om. For eksempel snakkar Malin ein del om korleis ein burde kunne bruke kursinga frå oljebransjen vidare til havvind, då det er dyrt å sende arbeidarar på kurs. Denne kompetansen dei hentar frå olja er viktig, men den må tilpassast vindindustrien. Ein kan tolke det til at kommunikasjonen mellom dei engelske aktørane og Statoil til tider kan vere frustrerande for dei engelske. Det kan tolkast som at kommunikasjonen går frå topp til botn med store vanskar for kommunikasjon den andre vegen. Heldigvis seier dei engelske at dei fleste frå oljebransjen i Noreg kjapt endrar seg når dei har jobba litt med vind.

Det er mykje forskjellig kompetanse ein kan ta med seg frå olja til vindbransjen. Til tross for dette tolkar vi nokon av utsegna i intervjuet at folk innan i Statoil er negative til dei forandringane som skjer for augeblikket. Det er ein konservativ bransje. Malin brukar kommentarfeltet innan i olja som eksempel for å illustrere dette. Etter forslaget til namneendringa kom i mars i år, var det ein god del diskusjonar om namnet. Men ikkje alle er negative til det nye namnet til Statoil. Alle av dei vi snakka med i Statoil snakka om endringa i ein positiv mine. Renate sa blant anna at sjølv om ho var stolt over namnet Statoil, så er Equinor også brillant. Heile tanken bak endringa er ein del av Statoil sin nye visjon, ifølgje Eldar Sætre som er administrerande direktør i Statoil (Statoil [1], 2018). Heile endringa i namn er viktig for at dei skal bli ein aktør som ikkje berre held på med olje, men også fungerer som eit energiselskap. Også opprettinga av New Energy Solution var ein del av denne fasadeendringa. Sjølv om delar av Statoil kanskje er litt konservative og held tilbake på alle desse endringane, så er det definitivt klart at Statoil er klar for å vere meir enn eit olje- og gasselskap.

Alt tatt i betraktning, verkar det ikkje som Statoil er særleg interessert i å produserer offshore havvind her i Noreg. Grunnen til dette kan vere eit vanskelig miljø å innovere teknologi som ikkje er moden nok endå; dette kan ha med stiavhengigheita til vasskraft, som gjer det vanskelig med å byggje ein ny veg då ein ikkje får politisk hjelp. Her i Noreg er havenergilova det einaste rammeverket for utbygging til havs. Dette er også ei lov som seier at områder må leggjast ut av regjeringa før ein kan søkje om konsesjon (Havenergilova, 2010, §2-2). Dette har ikkje skjedd endå, til tross for ein pressemelding om akkurat denne saken.

Som eit svar til dette verker det som at Statoil vel å fokusere på er å skaffe oss teknologien og kunnskapen slik at vi kan byggje i andre land då fordi rammeverket ikkje er her i Noreg.

Denne inside-out tilnærminga verkar til å vere typisk for norsk havvind bransje, då inkludert leverandørbransjen, i dag.

Den norske olje- og gassbransjen har stor betyding for utvikling av Hywind-prosjektet.

Operasjonar og vedlikehald er noko som er henta frå olje- og gassbransjen sin lange historie og dette er tatt med vidare både til Hywind og andre engelske offshore vindparkar. Utviklinga har likevel berre vore ein inside-out tilnærming. Men kva har den politiske viljen til satsing betydd for prosjektet? Dette skal vi sjå på no.

## 5.2 Den politiske viljen til satsing

Her vil vi fokusere på den politiske viljen til satsing. Sidan den politiske viljen til satsing og vart opplevd som ein av dei viktigaste barrierane ein møter ved utvikling av offshore havvind, så vil vi også her drøfte korleis intervjouobjekta opplever den politiske viljen til satsing som ein barriere i offshore havvind i Noreg i dag. For at norsk oljebransje skal kunne bidra til å utvikle offshore havvind, må ein verkeleg ha vinden med seg. I intervjuet kjem det fram at den politiske barrieren er igjen delt opp i to: det norske fokuset på vasskraft og kommunikasjon mellom industri og styremakta.

Den politiske styringa opplevast som ein stor barriere for den norske oljebransjen, og det er spesielt fokuset på vasskraft som klandrast. I intervjuet kjem det fram frå Malin at den norske politikken er svært passiv, og ho skuldar på at vasskrafta. At vasskraft er viktig er noko politikaren i intervjuet og trekk fram. I Noreg er det meir enn nok vasskraft, og med meir produksjon vil det heller skape problem, då det vil vere for mykje elektrisitet på strømnettet. Grunnen til passiviteten kan liggje i at produksjon av meir elektrisitet frå offshore havvind ikkje trengs. Medan ein i mange andre land i Europa treng meir fornybare energikjelder, og dermed har ein meir involvert politikk, så har ein i Noreg nok med det vi har.

Det kan verke til at vi har ein stiavhengigheit til vasskraft her i Noreg. Dette gjer at vi ikkje får utvikla meir offshore vind i Noreg. I utlandet, derimot, har olje- og gassbransjen vore involvert i fleire prosjekt. I intervjuet våre kjem det fram at Statoil gjerne ynskjer meir satsing

frå politikken for at dei skal kunne utvikle vidare. Forutan dei pengane dei fekk frå Enova i 2009, har utviklinga av offshore havvind vore noko som dei har måtte gjort sjølv. Statoil har i dag gjort mykje av utviklinga sjølv. I dei siste åra har dei og bestemt at pengar frå olja skal brukast til å utvikle fornybar energi, og då også offshore havvind. Men då vi ikkje har rammeføresetnadar kan ikkje utbygginga skje i Noreg, men i land som faktisk har eit ynske om utvikling av havvind, for eksempel Storbritannia. Her i Noreg er politikken grensande for utviklinga (MacKinnon et al., 2018).

I Noreg har ein store moglegheiter til å byggje nye baner for offshore havvind. Det finnast store område med gode vindressursar som ein burde kunne bruke. I tillegg burde ein kunne bruke den kompetansen ein har frå olja og byggje det opp mot ein ny teknologisk veg i Noreg. Dette har med teorien om “Path creation” å gjere, men igjen, Noreg er altfor avhengig av vasskrafta slik at ein treng jo ikkje ny utbygging. Sjølv om det kjem fram fleire gonger i intervjuet til Stortinget er positive til offshore havvind, så er dei ikkje veldig aktive med å få rammeføresetnadane på plass. Dette vart opplevd som svært passivt av Malin i intervjuet. I det siste budsjettet frå regjeringa var det eit kapittel om flytande offshore havvind. Men det er ingen lovnader her, berre snakk om korleis Enova kan gje pengar til å utvikle prosjekt. Dette kapittelet er det einaste og næreste satsinga i dei siste åra. Det ser ikkje ut til at myndighetene har fastsette planar om offshore havvind, til tross for at vi har kompetansen der.

Noko av det som held utviklinga tilbake er at vi treng rammeføresetnadar, i følgje Elise, om ein skal få ei utvikling i Noreg. I dag har vi havenergilova og ein rapport frå NVE med anbefalte områder, men ingen konkret plan på korleis ein skal gå vidare. Frå resultata kom det veldig fram frå politikaren at dei ikkje hadde noko fokus på offshore havvind. Om desse rammeføresetnadane ho snakkar om skal kome, er det nødvendig med fokus. Men som tidlegare sagt, offshore havvind er rett og slett ikkje prioritert. Elise, som sitt i energi- og miljøkomiteen har ikkje hatt saker om havvind på bordet. Ho seier derimot at å ha eit prosjekt, for eksempel å elektrifisere ein oljeplattform, er noko dei er interessert i å ta stilling til. Men det er ingenting konkret som skjer akkurat no. Ja, vi har havenergilova som skal ligge som rammeverk for produksjon av havvind til havs og anbefalte områder frå NVE, men havenergilova krev og at områda skal leggjast ut av regjeringa før nokon kan søkje konsesjon. I dag er det endå ikkje lagt ut områder. Men dette skal visstnok skje snart, ifølgje pressemeldinga frå olje- og energiministeren. Men når er dette?

Sjølv om den politiske satsinga til å utvikle offshore havvind vert opplevd som passiv, så har myndighetene hatt noko form for engasjement. Dette indirekte gjennom det økonomiske verkemiddel Enova. Deira forhold til politikken fungerer gjennom ei avtale kvart fjerde år (Regjeringa [2], 2017). I 2009 fekk Statoil fleire millionar kronar som gjekk med til Hywind-demoen utanfor Karmøy. Dette kom godt med, i følgje Malin. Til tross for dette er Enova det einaste ein har av økonomisk satsing i dag frå regjeringa. Frå Elise kjem det fram at om det skal skjer noko, så er det industrien sjølv som må gjere noko, ikkje politikarane. Dette betyr at Statoil har moglegheita til å søkje om fleire pengar frå Enova, men dei er også avhengige av at det er ein form for støtte frå myndighetene gjennom korleis den økonomiske forvaltninga er innan Enova. Denne støtta kan endre seg frå periode til periode på avtalene, noko som kan er problematisk for vidare utvikling.

Politikaren vi snakka med meiner det er behov for å stramme inn dialogen mellom industri og Stortinget. Dette er noko både politikaren og Malin er einige i. Malin snakkar mykje om at dei har jo kunnskapen og, med Hywind-prosjektet utanfor Skottland, har dei jo vist at ein kan også. Men samtidig høyrar dei ikkje noko. Ein tettare dialog mellom partane er fordelaktig for begge for å styrke samarbeidet mellom dei. Strategien for norsk havvind er i dag svært diffus og med lite klare steg for utvikling. Lite av det som skjer på offshore-fronten skjer som ei eining. Frå regjeringa si side er kapittelet om offshore havvind i energibudsjettet ein ganske diffus strategi for kva ein vil gjere vidare. Denne strategien seier mest om korleis Enova kan hjelpe og korleis dei ynskjer å opne område for demo-prosjekt. Problemet med dette er at kor involvert regjeringa er, kan kjapt endre seg frå budsjett til budsjett, og frå regjering til regjering. Industrien kan strengt tatt ikkje vere sikker på korleis ståa er frå år til år. Det er per dags dato ingen konkret strategi for utvikling av offshore havvind i Noreg. Politikaren meiner at på den eine sida at meir dialog er viktig, men samtidig at industrien sjølv må ta finne sine eigne vegar. Fram til no er det dette Statoil har gjort; dei har gjort si eiga utvikling.

Den politiske satsinga i Noreg opplevast av Statoil som ein barriere, heller enn noko som hjelper Statoil framover. Dette til tross for at viljen til å støtta eit prosjekt er der ein elektrifiserer ein plattform, men det er ingen konkrete planar per dags dato. Ein dialog mellom aktørane hadde vore fordelaktig i dette tilfellet om utvikling skal skje. Vidare skal vi sjå på den økonomiske barrieren som og er ein stor barriere i offshore havvind.

## 5.3 Den økonomiske barrieren

I dette delkapittelet vil vi fokusere på ein av dei to viktigaste barrierane for offshore vindkraft i Noreg 2018, nemleg økonomien. Dette er for så vidt ikkje bare ein barriere, men den er delt opp i fleire problem. Dette inkluderer ein dyr bransje, lite subsidiar og dyre reservedelar frå turbinleverandørane.

Eit av dei økonomisk problema for den norske oljebransjen er at ein har bygd opp en bransje med høg timelønn. Nordmenn har gjort seg vant med dei høge lønningane og dette skaper eit problem innan vind viss oljearbeidarane skal bytte marknad. Dette vil vere med på å gjera alt med utbygging og utvikling av offshore vind dyrare ved bruk av oljebransjearbeidrarar. Vi er også generelt eit dyr land å produsere i og difor kan dette vere med på å skape eit nytt jobbmarknaden der ein søker dei med direkte fornybar utdanning og ikkje satsar like stort på overføringa frå olje og gass til offshore havvind som vi har moglegheiter til. Den dyre timelønna og dyre utviklinga vil jobbe mot vidare utvikling då bransjen i dag er dyr med mykje kutt.

Bransjen er i dag også svært mager. Dette er noko dei engelske ofte trekk fram som eit problem i den engelske sektoren av Statoil. Teknologien er dyr og det er stadige kutt i bransjen for at dei skal klare seg utan subsidiar. I Statoil i Storbritannia gjer dette at ein person gjer fleire jobbar. At bransjen er mager kjem til å vere eit problem til kostnadane til offshore vind kuttast. I dag er kostnad per produserte energienheit omtrent det dobbelte av vind til lands, noko som ikkje er en god pris (NVE, 2012). Men det er venta at prisen skal synke etter kvart som utviklinga fortsett, i følgje Kraft i endring-rapporten frå Olje- og energidepartementet. Den beste løysinga er vidare utvikling og meir investering i teknologien. Heldigvis ser det ut til at investeringane i offshore havvind aukar (figur 2), så kanskje kan ein sjå at også prisen på offshore havvind går ned etter kvar også.

Teknologien innan offshore havvind stammer frå oljebransjen. Denne teknologien er svært dyr og som ikkje er lett å starte noko når ein må ha det nyaste innan alt. Mykje av turbinteknologien utviklar seg så fort at bransjen sliter med å halde følgje. Dette var noko våre intervjuobjekt snakka mykje om og spesielt Neil, som kom frå eit eldre vindpark, såg

problemet i å finne reservedelane dei treng til den allereie utbygde parken. At turbinteknologien utviklast i ein så stor fart gjer at dei økonomiske midlane ikkje klarar å halda følge eller auka i takt med den. Dette skaper eit økonomisk press på dei som har konsesjon til å byggje ut, men som heller kanskje lar vere på grunn av den dyre teknologien som vert utviklast.

Så lenge offshore teknologi og bransje er dyr, vil ikkje offshore havvind nå målet om lønsam fornybarproduksjon. Samanliknar ein pris per kilowattime mellom land vind og havvind, er prisen dobbelt så dyr, med mellom 90-120 øre per kilowattime. Dette er eit problem for offshore vindindustrien. Heldigvis er det forventa at prisane skal gå ned framover. Med meir utvikling kan ein tenkje seg at også kostnadene vil falle til det nivået at industrien endeleg er lønsam. Viss ein kan nå dette målet, kanskje vil Stortinget også sjå at offshore havvind er ein lønsam moglegheit. Og då utan å trengje subsidiar og?

Per dags dato har ikkje Statoil subsidiar. Hywind er betalt av Statoil men har fått støtte frå Enova. Malin seie at utan den støtta hadde nok dei ikkje hatt kome så langt innan offshore vind som dei har gjort nå. Stønad for slike prosjekter er det som skil om ein tør å satse eller ikkje. Hadde det vert meir midlar så hadde det kanskje vore meir offshore vindkraft. Det er vi som har kunnskapen og har generelt midlar frå olje som sitter på moglegheiter til å utvikle slik vi kan vere ledande innan det nye marknaden. Malin meiner makta sitter hjå politikarane for utviklinga vidare i offshore havvind. Men Statoil held fortsatt på, sjølv utan subsidiar. Dei får meir og meir pengar frå Statoil sjølv som ynskjer å bli eit energiselskap og ikkje berre oljeselskap. Eit av måla internt i Statoil er at 20% av investeringskostnadene frem mot 2030 skal vere i fornybar. Dette kan vere meir på å skape resultat som igjen kan gjøre andre selskap og investorar interesserer seg og er villig til å satse sjølv.

Samtidig som det er mangel på pengar innan offshore vind så er også estimeringa av pris per anlegg litt diffuse. Uventa kostnader kan kome opp ettersom ein ikkje har erfaring som utbygger innan denne nye marknaden. Alt frå ny teknologi til installering og drift har ein ikkje fått sikre tall i Norge enda, ettersom det er lite testa og utprøvd. Hywind parken viste seg å vere eit eksempel på dette med å vere langt over det planlagde budsjettet. Det er så nytt område at ein ikkje klarer enda å vite sluttsummen på produkt og tenester og korleis ein skal bruke pengane enda. Samtidig som ein sliter med å få stønad til utbygging er det også eit problem når ein sjølv vil vidareutvikle teknologi og manglar pengar. Ein vil vidare og bli eit

grønt land som andre i verda kan sjå opp til å lære av, men dette er ikkje så lett når ein ikkje har økonomien som skal til for å utvikle og teste. Dette resulterer igjen med tap av erfaring og kunnskap så andre land kan ha henta inn og kome framfor oss på.

I følgje Malin er noko av det dyraste med offshore vindparker prisen på vedlikehaldet. Dette er igjen noko ein må læra seg og få meir kunnskap om ved å prøva og feila. Utfordringane som går igjen i vedlikehald er HMT, finne best mogleg løysingar på å jobbe trygt på ein vindturbin og rundt. Vêret er ein faktor som også bringer med seg utfordringar, her har me mykje kunnskap me kan overføre frå olja til fornybar. Malin seier fara ligg i operasjonen der ein skal leggja til vindturbinen og sleppa menneske på turbina for å gjera vedlikehald. Dette jobbar dei med for å finna ein trygg og god løysning ettersom det også er ein dyr operasjon ser dei nå etter alternativ som kan vere med på å få ned kostnaden på vedlikehald. Alt ved det maritime har ein kome langt med og byrjar å få gode rammer rundt. Akkurat denne kunnskapen er noe vi har eit ekstremt framsteg på. Bare det å jobbe i det norske været, i den store høgdene og ved store skip med mange menneske byr på utfordringar vi må løyse.

Den økonomiske barrieren ligg i at teknologien endå er dyr og at vedlikehald og operasjoner er dyrt. Mykje av desse problema må løysast. I kapittel skal vi svare på konklusjonen på problemstillingane våre.

## 6.0 Konklusjon

I dette kapittelet vil vi dele konklusjonen vår. I oppgåva har vi presentert ulike delar om offshore havvind som utvikling, utfordringar og status for norsk havvind. Vi har også gått inn på den politiske satsinga og Hywind-prosjektet, som er det fyrste i sitt slag. Våre funn kom vi fram til ved å gjennomføre intervju av personar som jobbar innan oljebransjen og med offshore havvind, samt ein politikar med erfaring frå energi- og miljøkomiteen. Som avrunding av denne oppgåva ynskjer vi å presentere vår konklusjon på problemstillinga vår:

*Korleis kan norsk oljebransje bidra til å utvikle offshore havvind? Ein kvalitativt studie om haldningane til offshore havvind i Statoil 2018.*

Og underproblemstillingane:

- I. *Kva har olje -og gassnæringa betydd for utviklinga av Hywind prosjektet?*
- II. *På kva måte har den politiske viljen til satsing hatt ei betydning for utviklinga av offshore vind?*
- III. *Kva er dei viktigaste barrierane mot offshore vindkraft i Noreg i 2018?*

For å kunne svare på problemstillinga korleis oljebransjen kan bidra til å utvikle offshore havvind, må ein sjå på kva Statoil allereie har gjort. I slutten av 2017 opna Hywind vindpark utanfor Skottland. Dette er den fyrste flytande vindparken i verda. Her brukte dei kunnskapen frå oljebransjen til å løysa problema som kom på vegen mot Hywind. Frå intervjuet med respondentane innan i Statoil, vart det snakka mykje om dette med korleis vedlikehald og operasjonar frå oljebransjen er ein stor fordel å ta med seg vidare. At Statoil allereie har jobba nesten 50 år med offshore har vist seg å vere ein stor fordel for å forstå den offshore delen av vindbransjen. Også mykje erfaring frå Hywind demo utanfor Karmøy var behjelpelig der dei har testa og lært. Bedrifter som jobbar rundt olje- og gass, har også utnytta kompetansen dei har til offshore havvind. Desse bedriftene er leverandørar av forskjellige tenester for olje- og gass, og no offshore havvind. I tillegg til Hywind, har Olje- og gassbransjen Statoil vore involvert i fleire havvind- prosjekt som Sheringham Shoal og Dudgeon i Storbritannia. Her har kompetanse frå olje- og gass kome godt med, ifølgje dei engelske respondentane til tross for at Statoil og har noko å lære frå dei.

Det er klart at Olje- og gassnæringa har betydd mykje for utvikling av Hywind-prosjektet. Den lange historia til oljebransjen har gjort at ein har eit stort repertoar av kompetanse som ein kan bruke i offshore havvind. Denne erfaringa har vore viktig for Hywind og er viktig for fleire vindparkar i Storbritannia i dag. Til tross for dette veit ikkje Statoil alt, då vindbransjen er ein anna bransje enn oljebransjen. Dette kjem fram i intervjua. Det meste av utviklinga på offshore havvind i Noreg, har skjedd i utlandet, bortsett frå demoen utanfor Karmøy. Dette kan ha med ei manglande satsing her i Noreg.

Frå intervju kom det fram at myndighetene er positive til offshore havvind, men at det ikkje er dei som skal eller kan gjere noko. Dei er positive til utviklinga som Statoil har gjort og ynskjer gjerne meir dialog om vidareutvikling. Gjennom økonomiske hjelpemiddel som Enova kan ulike teknologiar få hjelp til å kome seg ut i marknaden, så det er der Statoil må gå om dei ynskjer vidare hjelp. Statoil sjølv er ikkje nøgd med den hjelpa dei har fått, og har heller opplevd politikken som ein barriere for utviklinga i Noreg.

Det er fleire barrierar som går igjen innan flytande offshore vind. Dette kan verke til å holde utviklinga av offshore havvind tilbake. Dei økonomiske utfordringane kjem i form av mangel på stønad, dyr teknologi og drift av vindparkar. Noreg er subsidiefri og tapar anbod på prosjekter. Dette skyldast fleire ting. For eksempel turbinleverandører sitt monopol og at utviklinga av turbin-teknologien går kjapt og forandrast drastisk, slik det er vanskeleg å halde følgje økonomisk.

Det er også ein del barrierar innan det politiske med for lite satsing, ikkje nok fokus og for dårlig kommunikasjon og samspill mellom aktørane. Så langt har ein ei lov for produksjon til havs og anbefalte område fra NVE, men ingen område til havs er lagt ut endå. Dette stoppar vidare utvikling for Noreg og i Noreg, då ein ikkje har ein plass å “trene” og heller ikkje ein plass å eventuelt opne ein vindpark. På grunn av det norske fokuset på vasskraft, har ikkje politikarane det travelt med å få i gong offshore havvind.

Vår konklusjon er at norsk oljebransje kan bidra med å utvikle offshore havvind ved å bruke kompetansen ein allereie har innan i Statoil. Dette gjelder det teknologiske og operasjoner, samt vedlikehald. Noreg har ein kjempesfordel som bør brukast innan offshore bransje.

Vår anbefaling er at Statoil får ein meir audmjuk tilnærming til vindbransjen. Sjølv om dei har erfaring innan nokre felt betyr det ikkje at ein automatisk kan drifte og utvikle offshore havvind. Oljebransjen har mykje å lære det voksende offshore havvind marknaden, og kunnskapen dei har kan ta flytande havvind til neste nivå. Offshore havvind er eit kompleks system som dei med direkte utdanning saman med oljebransje sin erfaringa kan ta Noreg lengre i utvikling og stilles betre på konkurranse marknaden på verdsbasis. Igjen må meir økonomi bli tileigne forsking på offshore havvind med flytande konstruksjon. Vi meiner at oljebransjen bør satse meir på fornybart og med erfaringsoverføring frå begge bransjane, både olje og vind slik at kunnskap blir delt og lært vidare.

## 7.0 Forbetningspotensial og vidare forsking

Vi har lært mykje medan vi har jobba med denne oppgåva. Ikkje berre har vi auka kunnskapen vår om både olje- og gassbransjen, politikk og offshore havvind, men også om korleis ein skal gjennomføre ein kvalitativ undersøking. Sida dette var ein ny erfaring for oss, er det naturlegvis noko vi ville gjort annleis.

Vi har begge følt at vi kanskje skulle hatt litt meir trening i å gjere intervju. Vi er rett og slett uerfarne på den praktiske delen av metoden. Vi skulle ynskje at vi hadde meir erfaring på dette før vi hadde intervjeta, eventuelt hatt eit øvingsintervju på forhand. At vi er uerfarne på intervju, kan ha gjort at vi i intervjustituasjonen har spurt ledande spørsmål eller mista viktige poeng fordi vi ikkje veit korleis ein skal gå fram.

Vi hadde og eit lite problem på det eine intervjet med lyd. I intervjet med dei to engelske respondentane vart plasseringa av lydopptaker plassert slik at vi kunne høre Renate, men ikkje Neal særleg godt. På grunn av dette kan vi ha mista gode poeng frå han.

Vi burde og starta med å ta kontakt tidlegare. Dette spesielt då vi prøvde å få kontakt med ein politikar. Dette var mykje vanskeligare enn vi hadde forventa på førehand då våren tydelegvis er ein svært opptatt tid på Stortinget.

Vidare forsking på offshore havvind som vi synest verker nødvendig og/eller interessant er:

- å sjå på leverandørane rundt olje- og gassbransjen sitt bidrag til offshore havvind og korleis haldningar dei har til utvikling av offshore havvind. Dette hadde vært interessant å sjå nærmare på då vi veit at dette er ei stor tenestenæringer frå oljen og at nokon av dei også har utvikla tenester for offshore havvind i dag. Ein liknande studie om haldningar til offshore havvind kunne vere interessant.
- å sjå nærmare på dette med stiavhengigheten til vasskraft og korleis dette påverkar utviklinga av nye energiteknologiar. Dette kan vere interessant fordi vi i Noreg er så fokusert på vasskrafta.
- å sjå nærmare på barrierane i offshore havvind kan og vere nødvendig. Dette er noko vi fikk ganske mykje informasjon om, men som ikkje var hovudfokuset vår i denne oppgåva. Det er i dag ganske mange politiske og økonomiske barrierar som stoppar utviklinga av offshore havvind.

## Referanser

Energifaktanorge (2017, 09 oktober). *Kraftproduksjon* Henta frå:

<https://energifaktanorge.no/norsk-energiforsyning/kraftforsyningen/>

Equinor (2018). *What is Hywind?* [Bilete] Henta frå:

<https://www.equinor.com/no/what-we-do/hywind-where-the-wind-takes-us.html>

EWEA (2007). *Delivering Offshore Wind Power in Europe* Henta frå:

[http://www.ewea.org/fileadmin/files/library/publications/reports/Delivering\\_Offshore\\_Wind\\_Power\\_in\\_Europe.pdf](http://www.ewea.org/fileadmin/files/library/publications/reports/Delivering_Offshore_Wind_Power_in_Europe.pdf)

EWEA (2009). *Europe's onshore and offshore wind energy potential* Hentet frå:

<https://www.energy.eu/publications/a07.pdf>

Jacobsen, D. I. (2015). *Hvordan gjøre en undersøkelse?: Innføring i samfunnsvitenskaplig metode*. Oslo: Cappelen Damm Akademia.

Løvik, H. (2017, 21 oktober). Mange har vært villige til å ta på seg farskapet - her er historien om Hywinds trange fødsel *Teknisk Ukeblad* Henta frå:

<https://www.tu.no/artikler/mange-har-vaert-villige-til-a-ta-pa-seg-farskapet-her-er-historien-om-hywinds-trange-fodsel/410309>

Hamarsland, G., Hjort, L.E., Ibenholt, K., Pimenta de Miranda, W., Sandgren, J. (2007).

*Potensialstudie av havenergi i Norge*. (Rapport nr. 154650.2007.1). Enova SF og Sweco Grøner.

Havenergilova (2010). *Lov om fornybar energiproduksjon til havs m.v* av 11.mars 2010

Henta frå: <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2010-06-04-21>

Kaldellis, J.K., Kapsali, M. (2013). *Shifting towards offshore wind energy—Recent activity and future development* Henta frå: <https://doi.org/10.1016/j.enpol.2012.10.032>

Nilsen, J. (2008, 13. februar). Offshore vind verre enn seismikk. *Teknisk Ukeblad* Henta frå:

<https://www.tu.no/artikler/offshore-vind-verre-enn-seismikk/323248>

Kvale, S. (2007). *Doing Interviews* London: Sage Publication Ltd.

Kindingstad, T. (2002). *Norges oljehistorie* Stavanger: Wigestrød Forlag AS

MacKinnon D. et. al (2018). *Progress in planning*. Henta frå:

<https://doi.org/10.1016/j.progress.2018.01.001>

MAKE consulting. (2017). *Norwegian opportunities in offshore wind* Henta frå

[https://www.eksportkredit.no/wp-content/uploads/2017/02/Norwegian-Opportunities-in-Offshore-Wind\\_ny-versjon.pdf](https://www.eksportkredit.no/wp-content/uploads/2017/02/Norwegian-Opportunities-in-Offshore-Wind_ny-versjon.pdf)

Martin, R. & Sunley, P. (2006). *Path dependence and regional economic evolution*, Henta frå: <https://academic.oup.com/joeg/article/6/4/395/1014440>

NRK (2018, 20. mai). [Bilete] “*Investeringer i vindkraft har økt med over 400 prosent*”

Henta frå: <https://www.nrk.no/nordland/investeringer-i-vindkraft-har-okt-med-over-400-prosent-1.14012737>

NVE (2012). *Havvind: Strategisk konsekvensutredning* Henta frå

[http://publikasjoner.nve.no/rapport/2012/rapport2012\\_47.pdf](http://publikasjoner.nve.no/rapport/2012/rapport2012_47.pdf)

Oljedirektoratet & Olje- og energidepartementet (2018). *Levrandørindustrien*. Henta frå:

<https://www.norskpetroleum.no/utbygging-og-drift/leverandorindustrien/>

Olje- og energidepartementet (2014). *Et mangfoldig og verdiskapende eierskap* (Meld.St. 27 2013-2014) Henta frå

<https://www.regjeringen.no/contentassets/899ac257df2648d788942b78c6d59787/no/pdfs/stm201320140027000dddpdfs.pdf>

[1] Olje- og energidepartementet (2016). *Deltakelse i utbytteaksjeprogram og kapitalforhøyelse i Statoil ASA* (Prop. 84S 2015-2016) Henta frå  
<https://www.regjeringen.no/contentassets/57ee5a8e25524599ba1a4a803085ed91/no/pdfs/prp201520160084000dddpdfs.pdf>

[2] Olje- og energidepartementet (2016). *Kraft i endring: Energipolitikken mot 2030.* (Meld.St. 25 2015-2016). Henta frå:  
<https://www.regjeringen.no/contentassets/31249efa2ca6425cab08130b35ebb997/no/pdfs/stm201520160025000dddpdfs.pdf>

[3] Olje og energidepartementet, (2016) *Norsk oljehistorie på 5 minutter* Henta frå:  
<https://www.regjeringen.no/no/tema/energi/olje-og-gass/norsk-oljehistorie-pa-5-minutter/id440538/>

Olje- og energidepartementet (2017). *Proposisjon til Stortinget* (Prop. 1 S 2016-2017) Henta frå:

[https://www.statsbudsjettet.no/Upload/Statsbudsjett\\_2018/dokumenter/pdf/oed.pdf](https://www.statsbudsjettet.no/Upload/Statsbudsjett_2018/dokumenter/pdf/oed.pdf)

[1] Regjeringen (2017). *Åpning av områder for vindkraft til havs* (Pressemelding). Henta frå  
<https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/apning-av-omrader-for-vindkraft-til-havs/id2581997/>

[2] Regjeringen (2017). *Avtale mellom den norske stat ved Olje- og energidepartementet og Enova SF om forvaltningen av midlene fra Energifondet i perioden 1. januar 2017 til 31. desember 2020.* Henta frå:  
<https://www.regjeringen.no/contentassets/3a06316663454a7ab99c067bfe73e27f/avtal-e-om-forvaltningen-av-midlene-fra-energifondet-2017-2020.pdf>

Ryen, A. (2002). *Det kvalitative intervjuet: Fra vitenskapsteori til feltarbeid* Bergen:

Fagbokforlaget Vigestad & Bjørke AS

Statkraft (2009). *Kraftloven 100 år*. Henta

frå:<https://www.statkraft.no/media/Nyheter/Nyhetsarkiv/2009/100-ar-med-politisk-styring-av-kraftutbyggingen/>

Statistisk Sentralbyrå (2017). *Elektrisitet* Henta frå

<https://www.ssb.no/energi-og-industri/statistikker/elektrisitet/aar>

[1] Statoil (2018). *Statoil skifter navn til Equinor* Henta frå:

[https://www.statoil.com/no/news/15mar2018-statoil.html?gclid=Cj0KCQjw\\_ZrXBRDXARIAsAA8KauSwcile2ZhFM39L8hvn2rjIrP5U7ntXLd1RCB7nRpCmStz\\_1TLwmyIaAoGHEALw\\_wcB](https://www.statoil.com/no/news/15mar2018-statoil.html?gclid=Cj0KCQjw_ZrXBRDXARIAsAA8KauSwcile2ZhFM39L8hvn2rjIrP5U7ntXLd1RCB7nRpCmStz_1TLwmyIaAoGHEALw_wcB)

[2] Statoil (2018). *Nye energilosninger* Henta frå:

<https://www.statoil.com/no/hva-vi-gjoer/nye-energiloesninger.html>

[3] Statoil (2018). *Hywind - the world's leading floating offshore wind solution* Henta frå:

<https://www.statoil.com/en/what-we-do/hywind-where-the-wind-takes-us.html>

Tjora, A. (2012). *Kvalitativ forskningsmetoder i praksis*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS

Vogt, J. (1971). *Elektrisitetslandet Norge* Oslo: Universitetsforlaget.

## Vedleggsliste

Vedlegg 1 Intervjuspørsmål

Vedlegg 2 Intervju Malin

Vedlegg 3 Intervju Renate og Neal

Vedlegg 4 Intervju Elise

## Innhald

Intervjuspørsmål .....	1
Intervju Malin .....	5
Intervju Renate og Neal .....	17
Intervju Elise.....	33

## Intervjuspørsmål

Dette er den originale intervjuguiden. Nokre forandringar er gjort frå intervju til intervju.

### Til Malin:

#### **Introduksjon:**

Kan du først fortelle litt om kven du er...?

- Kva utdanning har du? osv.
- kvar lenge har du jobba her?

Kan du fortelja korleis du endte opp å gå frå ein oljeplattform til leder i eit offshore vindprosjekt?

- kvifor du endte opp?

Korleis får du brukt din kompetanse frå ein oljerigg til å lede eit offshore vindprosjekt ?

Kan du fortelja litt om bedrifta Statoil?

Kan du fortelje litt om rollen til Statoil i Hywind-prosjektet?

#### **Teknologi:**

Kva kan du sei om den teknologiske utviklingen i Hywind innenfor offshore vind dei siste åra?

- Bygger den vidare på eksisterande teknologi eller ny?

Korleis vil du beskrive den teknologiske utviklinga de siste årene?

- Kvifor?

Har kompetanse frå oljeindustrien påvirket den teknologiske utviklinga i off-shore vind?

- Korleis?

Korleis trur du offshore vindkraft næringa vil sjå ut 10 år frå nå?

**Økonomi:**

Kva er den viktigaste marknadsutfordringa i dag?

- Har dette endra seg de siste åra?
- Har du noe tankar om framtidige utfordringar?

Føler du at det er tilstrekkelig med forskning og midler tilgjengelig og tilbydd i offshore vindkraft næringa?

**Politikk:**

Kva rolla har myndigheita i utviklinga til offshore vindkraft energi?

- Korleis føler du de har bistått i utviklinga av prosjektet?
- Korleis oppfattar du den politiske viljen innan offshore vind dei siste åra?
  - Har det vært endringar?
  - Evt. kva for endringar?
  - Evt. viljen frå Skottland?

Har du oppfatta forandringar i offshore vind-satsing de siste årene?

- evt. kva trur du er hovudårsaka til dette?

## Renate and Neil

### **Introduction:**

Can you first start by telling a little bit about who you are and about your background ?

- What education do you have?
- How long have you been working in Statoil? And with the offshore wind project ?

- Can you tell a bit about how you started on the path of offshore wind?

- What is your role in Statoil with offshore wind?

### **Tecnology:**

Can you tell us about the technological development in offshore winds the latest years?

- Can you tell us about the difference in the project Dudgeon and Hywind?
- Would you say Norway have an advantage in the technological development in offshore wind?
- How?
- How do you think the offshore wind industry are going to look in 10 years time?

### **Economy:**

How has the offshore market changed the last years?

What are the biggest challenges in the offshore market today?

What do you think are going to be the biggest challenges ? Do you think it is enough research and funds available to offshore wind industry?

### **Politics:**

What parts do the politicians play in the part of developing offshore wind?

- How do you think Statoil's project has contributed to development?
  - What are your perception of the political position of offshore wind ?
  - Have you experienced big changes in the offshore wind commitment?
- What do you think are the main reasons for this ?

Til Elise

**Økonomi:**

Kva er den viktigaste marknadsutfordringa i dag?

- Har dette endra seg de siste åra?
- Har du noe tankar om framtidige utfordringar?

Føler du at det er tilstrekkelig med forskning og midler tilgjengelig og tilbydd i offshore vindkraft næringa?

**Politikk:**

Korleis stiller regjeringa seg til norsk offshore vind i dag?

Korleis vil du beskrive strategien til Noreg for havvind 2018? Kva syns du om regjeringa sin satsing på off-shore havvind?

Korleis oppfattar du viljen for havvind blant norske politikarar i dag?

- Endringar dei siste åra?

Korleis rolla har myndigheita hatt i utviklinga til offshore vindkraft energi?

- Korleis føler du de har bistått i utviklinga av prosjektet?

Har du oppfatta forandringar i offshore vind-satsing de siste årene?

- evt. kva trur du er hovudårsaka til dette?

Kva er dei største politiske barrierane for offshore vind i dag?

Korleis trur du offshore vindkraft næringa vil sjå ut 10 år frå nå?

## Intervju Malin

**Sofie:Då e da egentlig berre å begynna. Kan du fortelja litt om kven du er og kva bakgrunnen din er?**

**M:** Eg heiter Malin, og eg har vært i Statoil i 27 år og på Mongstad i 11 år og var eg offshore, kor mange år var det ? ca 15-16 år eller i UPN som er olje og gass virksomheten til utvinning delen til Statoil, var offshore i 12 og på land i 4-5 år som ansvarlig på Helgefaks A så eg kan mykje om operasjon og vedlikehald i olje og i fjar satt eg heima og fant ut eg skulle gjera noko anna, tenkte eg skulle gjera noko heilt anna så då valgte eg renewable. Renewable i Statoil er jo vind hovedsak men vi holder jo på med sol og karbonfangst og lagring så det er jo eit kjempespennede området så viser seg jo det da at renewable i Statoil di har vært veldig gode på prosjekt, dei bygger teknologi, bygger vindturbiner og parkar og sånt og når vi kommer nå i operasjon, all operasjon i Statoil kom i fjar og då viser det seg at det er ikkje veldig mange som har erfaring på operasjon og vedlikehald, altså driften av dette sant, kordan vi har valgt vedlikehald og då kjem eg inn. Så det er det som er min oppgåve å sørge for at vi får straum i form av kordan me drifte og så har eg stilling i renewable operasjon altså nes operasjonar, prosjekt operation exellence så skal se på forbedringer på tvers, eg skal ta med meg alt det teknologiske og alt det me kan i UPN over til alt det gode frå UPN og over til vind. så sånn sett så treffer jo denne oppgåva mitt i forhold til det eg holder på med sant, så eg har jo utrulig mykje erfaring frå UPN og både innfallar område som HMS og teknologi og vedlikehald og drift sant så tar eg nå det over i renewable så det er meg. Eg har ikkje jobba nokon andre steder enn i Statoil så men eg kan det.

### **02.13 Sofie: Kva utdanning har du ?**

**M:** Eg har hovedfag i geokjemi frå universitetet i Bergen, så eg startet jo på Mongstad som kjemiker. så blei eg avdelings leder der så har jo så den blandingen av geologi og kjemi har eg vært heilt super når eg var offshore fordi eg kunne snakka med dei fleste og forsto kva som skjedde både på brønnsida og på prosess sida. så i seinare år så har eg jo, jobber du i statoil så får du ekstremt mykje kurs og opplæring og sånt så nå har eg jobba med ledelse sikkert i 20 av dei 27årene så har eg vært leder så då er det jo litt andre ting som.

**02:54 Sofie: Då har du egentlig sagt da. Kan du fortella korleis du endte å gå frå ein oljeplatform til leder i eit offshore vindprosjekt. Det var ditt valg ? eller statoil?**

**M:** Eg har jo vært så lenge i UPN og så hadde eg jo vært 9 år i Gullfaks, dei så sitter rundt her. og så fant eg ut at det er sånn i Statoil at viss du har vært veldig lengre eit sted så ser dei etter ( babling) erfaringsoverføring så tenkte eg okei då bestemme eg det sjølv istedefor at nokon andre bestemmer det for meg så alternativa var gjerne å bytte området gått over fra Gullfaks til Oseberg er ein typisk stilling og eg har liksom kjent da at gjort da meste i olje og gass så. Og så er det noko med å få eære med på det som skjer nå og bygga opp å vere å prøve å få statoil inn på det renewable markede. så det var heilt bevisst valg, søkte på jobben ,fekk den og har det heilt fantastisk.

**03:52 Sofie: Kan du fortelja litt om rollen til statoil i Hywind prosjektet? Egentlig korleis det begynte og utvikla seg og korleis**

**M:** Har deke vært på youtube og sett videoen?

Ja, for det var jo, det har jo pågått kjempelenge dette her, altså det er 10-12 år frå dei begynte å sjå til dette med vindturbiner og så, akkurat kordan ideen begynte veit jo ikkje eg, men i 2009 så hadde vi jo den fyrste demoen på plass i karmøy og då var det jo ikkje noko statoil, hadde jo ikkje noko eget forretningsområdet å sette renawabel uti men ( eit uforståelig ord 04:31)på fornybar og kva me skal gjøra og sånn og så begynte dei å testa det flytende konseptet og det er jo det med reanwable i Staotil og eg har jo vært ute å snakka på så mange konferansar og det som er styrken med i forhold til andre vindselskpar er nettopp det at vi har store Statoil i ryggen, me e utrulig kompetanse på subsea operasjonar, på offshore operasjonar og flytande og bunnfast og riggar og produksjonar og sånt så når vi fekk den demoen og begynte å teste dette konseptet sant så var det jo mye styr og dette med stabilisering og ikkje ha for mykje bevegelse og utvikle vår eigen motion kontrollar som har hatt veldig stor plass i dette utviklings programmet og få dette til å funkera. og så samarbeide med olje og gass i forhold til alt dette med anker systeme altså, du veit havvind er jo 2 ting, det er flytende som er så lite og så er det jo bunnfaste som er veldig masse sant så i 2015 så blei det gjort eit strategisk valg i Statoil om at me skal satsa på fornybar og opptrette eit eget forretningsområdet som heter NES-new energy operation. og det er noko av det viktigaste eg trur dei har gjort fordi då viser du heile verden, dette er noko me skal satsa på, 20% av alle invisteringskostnader frem mot 2030 skal vere i renewable. Då seie me noko om at dette meine me. sant. så var det jo, okei nå må me få noko buissniss på dette då sant så då begynte jo dungeon å matrialisere seg, prosjektet tar jo land tid frå du søker om lisens og får så får du lov å få (06:10) så må du søka om å lov for å produserer så, me var jo tidlig inne som ein partner i denne shearingshold vindparken og vært ein eiger i det lenge. og fått erfaring med

de og så bygde dudgeon heilt 100% statoil prosjekt. så det i forhold til Statoil då så er det så å henta kompetanse innefrå alle områder om det er på HMS eller om det er på prosjektgjennomføring om det e på subsea kompetanse så har du det i systemet eit eller annet sted. Så kvifor det startet var jo ein gjeng med ideologer som fant ut at dette må vi prøve og dei e jo heilt ekstremte dedikerte den gjengen altså. Det er fantastisk, så begynte dei å tenke så den hywind filmen er egentlig ganske god å forklare kva som var historien det begynte med demo og så får du sjå korleis dette hywind, scotland prosjektet blei lagt sammen. Og det e jo utrulig mange i utlandet som e intresserte i dette, eg var i Japan og fortalte på dette på konferansen så det e i områder med, de som er viktige for deke er å nevna flytende vind er jo utrulig greit i forhold til øysamfunn, der det er djup vann der kjem vi ikkje til med bunnfaste, der har dei ( vanskeligt ord 07:58) bedre med vindforhold så det er jo, sånn som Japan og Usa og sant, store marknader som er kjempe intressante. for det e lett, forholdsvis enkelt med bunnfaste, sefølgelig land men fordelen med havet er jo det at du sleppe både den visuelle forurensingen, støyen å få det vekk frå der folk bor, ikkje ha dei i fjelle, ingen skulle hatt noen plass, ikkje skulle dei ha dei i fjella, ikkje i hagen og derfor sette me det langt til havs så er det jo fikse det. Avstanden som kommer inn

**08:34 Sofie: Så går vi litt over på det teknologi, sidan du har utdannelse og kan forklare litt**

**M:** Eg skal prøve, men det er jo ikkje mitt felt då men...

**Sofie: Viss du kan fortelle litt om den teknologiske utviklingen innanfor offshore vind dei siste åra? Korleis skjedde den ?**

**M:** Då skulle du snakka med Simens. Teknologi i vindturbiner er veldig opp til levrandørene. Det er eit heilt annet klima, heilt anna deling av ansvar i vind enn i olje og gass. For i vind så er det disse 3 store levrandørene av turbinene som styrer det meste i forhold til utvikling på turbiner sine, vesta, simens og GR som er dei store sant. og først nå så brygger Statoil å bli ganske ivrige på å få litt meir kontroll på kva som foregår og vi har begynt å sett på neste generasjons turbiner og at dei må ha det og det og det. Men det som skjer er jo at dei blir større, høgare og den diametern på disse bladene er berre opp mot 200meter så det blir for seg. Og eg tenker dokker logistikken som skal til for å bygge ein vindpark med 80 turbiner og så med 3 sågne der bladar går 100 meter. Eg såg ein film av ein som skulle transportere eit sånt blad frå fabrikken til havna og dei kom jo ikkje rundt rundkjøigna forda det er så sinnsjukt langt. Det e heilt utrulig, ein tenke ikkje på kor mykje det e sant og kor tunge løft det er så spesielt for hav, som kan ta disse svære størrelsene det e jo enorme kostnader med å

